

Skjåk kommune

# ÅRSMELDING

SKJÅK KOMMUNE

# 2022



**KONTORPLASS, BARNEHAGEPLASS OG JAKTGARANTI**

Skjåk kommune lover kontorplass og barnehageplass. Skjåk Almenning lover jaktgaranti til alle som flyttar til Skjåk.



Foto: Elling Starrem



Foto: Kristin Smågård

**AVLØYSARKURS FOR UNGDOM**

Lom og Skjåk Landbrukskontor arrangerte Avløysarkurs for ungdom.



Foto: Skjermdump

**MEIROPE BIBLIOTEK**

Offisiell opning av meirope bibliotek. Torsdag 17. mars var det offisiell og stasleg opning av «Meirope bibliotek» og «Frøbibliotek» i Skjåk. Abid Raja «var med» via ei fin videohelsing til Skjåk folkebibliotek.



**GUDBRANDSDALSOSTENS DAG**

Ordførar Edel Kveen var med å smurde matpakkar til skulelevane i Lom og Skjåk på Gudbrandsdalsostens dag 17. mars.

**STILLING LEDIG**

Ein av Norges mest spennande fjellkommunar søker ny nærings sjef.



Design: Haus byrå



Foto: Edel Kveen

**KYRKJA I SKJÅK**

Kyrkja i Skjåk markerer frigjerings- og veterandagen ved Nordberg kyrkje søndag 8. mai



Foto: Elling Starrem

**17. MAI**

Gratulerer med dagen Skjåk! Etter to år med alternativ feiring, vart det ei minneverdig markering av nasjonaldagen.

**FJELLPRIDE**

200 gjestar på årets Fjellpride. Dette er tredje året FjellPride vart arrangert av vertskapet på DNT-hytta Sota Sæter i Skjåk.



Foto: Edel Kveen

**GJEVE PRISAR**

Kreative ungdomar frå Skjåk har hevda seg i toppen i fleire elevbedriftskonkurransar i år. Elevar ved 9. klasse har i vår arbeid med ungt entreprenørskap og elevbedrift. Det var bedriftene «Ull er Gull EB» og «Skjåk Dekk og vask EB» som vann gjeve prisar.



Foto: Inger Helene Brandstær

## KOMMUNEDIREKTØREN SI LEIARGRUPPE OG ORGANISASJONSKART



### Glimt frå 2022

#### Innhald

Kommunedirektøren si leiargruppe og organisasjonskart	5
Kommunedirektøren ser attende – 2022	6
<b>1. Befolkningsutvikling</b>	<b>12</b>
<b>2. Mål og resultat</b>	<b>16</b>
<b>3. Prioriteringar</b>	<b>18</b>
<i>Mottak av flyktningar</i>	18
<i>Datasikkerheit og personvern</i>	18
<i>Svømmeopplæring for førskolebarn</i>	18
<i>Prosjekt Generasjonssong</i>	18
<i>Bismo barnehage og Dønfoss Naturbarnehage</i>	20
<i>Skulemiljø</i>	21
<i>Digitale hjelpemiddel i skulen</i>	23
<i>Fagfornynging i skulen</i>	24
<i>Kulturskulen</i>	26
<i>Strategi for helse og omsorg 2023 til 2030</i>	27
<i>Jobbspesialist i NAV og prosjektet Levele</i>	36
<i>Instagram/ digital Helsestasjonen</i>	37
<b>4. Årsrekneskap</b>	<b>38</b>
<b>5. Organisasjonen</b>	<b>56</b>
<b>6. Tenesteområde Oppvekst og utdanning</b>	<b>62</b>
<b>7. Tenesteområde Helse og omsorg</b>	<b>76</b>
<b>8. Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling</b>	<b>88</b>
<b>9. Kommunedirektør, stab og politikk</b>	<b>104</b>
<i>Politisk aktivitet</i>	105
<i>Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtaler</i>	106
<b>Glimt frå 2022</b>	<b>108</b>

# Kommunedirektøren ser attende - 2022

Året 2022 vart også prega av covid-19. Etter ein runde der vi måtte sette inn tiltak på nyåret, vart det etterkvart eit normalt og ope samfunn igjen. Ukraina vart ramma av krig i februar og i eit sikkerheitsperspektiv er invasjonen frå Russland ei dramatisk hending for Europa, Norge og Skjåk. Skjåk fekk eit nytt samfunnsoppdrag der kommunen vart oppfordra til å ta imot flyktningar frå Ukraina. I 2022 kom det 18 flyktningar frå Ukraina. I slike høve stiller heile Skjåksamfunnet opp og vi kan sjå attende på 2022 med stoltheit over innsatsen til innbyggjarar og medarbeidarane i kommunen. Det er spesielt å skulle summere opp 2022 under dei omstenda vi har i Europa.

Skjåk kommune er ein god kommune å bu og leve i! Tenesteproduksjonen i 2022 var god for dei fleste av våre innbyggjarar.

Arbeidsmarknaden er stram, og det er krevjande å rekruttere riktig kompetanse. Det har vore vakansar på nokre områder, og driftssituasjonen vert innimellom krevjande. Framover vil tilgang på arbeidskraft vere ei av dei – om ikkje den aller største – utfordringa for kommunen.

Eg kan ikkje få takka personalet i kommunen nok, som utfører eit svært godt arbeid vi alle kan vere stolte av. Både personalet og politikarane har synt ein fleksibilitet og ei tilpassing som har imponert meg.

Det er med blanda følelsar eg presentere eit svært positivt økonomisk resultat for politikarane i kommunen.

Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2022. Gjennom årsmeldinga beskriv ein omfang og resultat, utviklingstrekk og viktige hendingar i løpet av året.



*Ivar Bø*  
Ivar Bø  
Kommunedirektør

## Økonomi

Det kommunale driftsnivået er framleis høgt, og på en del område også samanlikna med andre kommunar. Vi må derfor halde fram med omstilling. Kommunen – politikarar og tilsette - har høge ambisjonar og det er derfor eit krevjande arbeid å utnytte ressursane mest mogleg effektivt. Innbyggjarar og næringsliv har også store forventningar til oss, noko som er motiverande når vi saman skal jobbe for å gjere Skjåk til ein god stad å bu og å drive næringsverksemd i. Særleg når tidene er usikre er det viktig at vi står saman om dette. Økonomisk sett var 2022 eit positivt år for Skjåk kommune.

Overskotet blei vel 32,4 millionar kroner og korrigert netto driftsresultat blei over 34,8 millionar kroner, som utgjør 11,2 % i høve til omsetnaden. Dette er betydeleg høgare enn måla i handlingsregelen, som er 3 % på sikt.

Skjåk kommune har dermed eit rekordhøgt resultat i 2022, til tross for at kostnadssida er høgare enn budsjettet og at vi har høg reguleringspremie på pensjon. Mange inntekstpostar, spesielt konsesjonskraftinntekter, godt finansresultat og mindre overføringar til investering løftar netto driftsresultat og overskot. Netto meirinntekter på konsesjonskraft utgjør 23,4 millionar kroner, til tross for sikringstap på 5,7 millionar kroner.

I tillegg til svært godt resultat på konsesjonskraft er det meirinntekter på rammeoverføringar, skatteinntekter, eigedomsskatt, renteinntekter og utbytte.

Kostnadssida må vurderast opp mot mottekne øyremerka tilskot og refusjonar, samt kostnader til pandemi.

## Sjukefråvær

Før pandemien hadde vi i Skjåk mange år med eit høgt nærvær. Innsatsen for å auke nærværet eller redusere sjukefråværet er viktig. Dette er eit tema kommunedirektøren kontinuerleg har på dagsordenen. Både i 2021 og 2022 hadde vi eit høgt sjukefråvær. Det er sett eit mål for kommunen sitt samla sjukefråvær på 6 %. I 2022 hadde vi eit høgt fråvær, og det samla resultatet for 2022 er på 9,3 %. Dette er eit høgare fråvær enn det vi hadde før pandemien, men vi ser mange andre kommunar også har eit ganske høgt fråvær i 2022.

## Barn og unge

Utfordringa er som tidlegare begynnarpplæringa eller dei fyrste åra på skulen. Resultata frå nasjonale prøver i 5. klasse er framleis ikkje gode nok. Vi ser fleire teikn på at pandemien har vore utfordrande for fleire av elevane. Det er utfordringar i elevmiljøet som krev betydeleg innsats. Det er grunn til å rose alle tenestene som bidreg i arbeidet med å gjere elevmiljøet tryggare for alle. Resultata frå foreldreundersøkinga i barnehagen er gode, samanlikna med andre kommunar. Torsdag 17. mars 2022 var det offisiell opning av meirope bibliotek. Det vart ei staseleg og fin opning med gjester, flagg, god stemning og kake. I barnevernet er det fleire alvorlege saker, som tek tid med saksbehandling og tiltak.

## Strategisk plan for helse- og omsorgstenestene

Kommunen legg i større grad til rette for at fleire kan bu heime lenger. Leve hele livet er ei reform for alle som jobbar i helse- og omsorgstenesta. Den legg også opp til å finne nye arbeidstidsordningar og å ta i bruk ny teknologi, nye metodar og løysingar.

Institusjon og heimesjukepleie arbeider tettare saman, og eit av resultatata er samarbeid kring demensomsorga. Dagtilbodet for heimebuande med demens vart vidareutvikla i 2022. I tillegg har institusjon og heimesjukepleie i fellesskap arbeid med kartlegging og oppfølging av demente.

Presset på sjukeheimplassar er redusert som følgje av at terskelen for å få plass er blitt høgare. Dette er heilt i tråd med den nasjonale eldrereforma St.m.15 «Leve hele livet».

Skjåkheimen yter avansert sjukepleie i form av t.d. blodoverføring. Institusjonen har formidla sine arbeidsmetodar og rutinar til andre kommunar, og synleggjer at det er mogleg å yte avansert sjukepleie i små kommunar.

I desember vart Strategisk plan for helse- og omsorgstenestene i Skjåk kommune frå 2023 til 2030 vedteke i kommunestyret. Dett er ein strategisk plan under kommuneplanens samfunnsdel. I denne planen vert det framheva at Skjåk kommune skal:

- Byggje pleie – og omsorgstenesta på prinsippet om «lengst mogleg i eigen heim»
- Organisere tenestene slik at ein oppnår fleksibilitet og gode overgangar mellom hjelp i egne heimar og institusjonstenester.
- Skjåk organiserer tenestene slik at vi får nyttiggjort den kompetansen dei tilsette har, og dei samla ressursane så effektivt som det er råd, til beste for brukarane.
- Legge stor vekt på medverknad frå brukarar og pårørande.
- Sørge for oppdaterte kvalitetsstandardar for tildeling av tenester innan pleie- og omsorgstenesta
- Satse på og prioritere samarbeid med andre kommunar om kompetanse, tenester og i enkeltsaker så langt dette er råd og tenleg.

## Næringslivet i Skjåk

I 2022 vedtok kommunestyret ein næringsstrategi for Skjåk, med fokus på næringsarbeidet i Skjåk for perioden 2022-28. Tiltaksplanen i strategien beskriv kva grep ein skal sette inn for å nærme seg utfordringane. Rekruttering vert ei av dei store utfordringane i dei komande åra. Næringslivet i Skjåk er svært allsidig og spennande. Kommunen bidreg med fyrstelineteneste til gründerar og bedrifter som skal utvide eller ruste opp driftsapparatet sitt.

### Internkontroll

Som kommunedirektør har eg eit ansvar for å føre kontroll med eigen verksemd for å sikre at lover og forskrifter følgjast. Kommunelova set konkrete krav om kva dette inneber. I 2022 var det eit eige fokus på internkontroll og GDPR i Skjåk kommune. Arbeidet med internkontroll og GDPR fokuserer på desse områda:

- Administrativ delegering
- Systematisk risikovurdering av tenestene
- Oppdatering av systemet for prosedyrar og rutinar
- Rutinar som sikrar korrekt handsaming av personopplysningar
- Handsaming av avvik

Skjåk kommune har god nytte av IT-verktøy som er med å sikra at internkontrollen vert ivareteke.

### RV-15

RV-15 er det viktigaste sambandet mellom aust og vest for Nordfjord, store delar av søre Sunnmøre og delar av Gudbrandsdalen. Vinterstid er vegen ofte stengt på grunn av ras og rasfare. Statens vegvesen gjennomført eit oppstartsmøte med Skjåk kommune den 29. september, i høve planlegging av ny tunnel

*Tema på oppstartsmøte var:*

- Fokus på villreintrekk i planlagt tunnelpåhogg. Kan bli aktuelt å flytte tunnelpåhogget lenger austover

og ikkje ha verken riggområde eller mellombelse massedeponi på vestsida av tunnelpåhogget.

- Utarbeide eigen kommunedelplan for permanente massedeponi på strekninga Grotli til Bismo.
- Statens vegvesen utfører alt planarbeidet med planlagt varsling av planoppstart ca. 15. januar 2023.
- Informasjonsmøte ved varsling av planoppstart.
- Statens vegvesen må avklare om heile arealet ved Breidablikk og ved Hamsevika skal vere med i varsla planområde for reguleringsplanen. Eventuelt kan desse område vere med i kommunedelplanen for permanente massedeponi.

### Flaumførebygging rundt Bismo

Flaumførebygginga rundt Bismo vil bli om lag 2,5 km lang og vil vera 3 meter brei på toppen. På det høgaste vil flaumvollen vere 2-2,5 meter over eksisterande bakkenivå. I 2022 vedtok kommunestyret tiltaksplanen for flaumsikringa. Planen var omfattande med mange vedlegg. Plan for tiltaket var grundig gjennomarbeida. Det var gjennomført fleire høyringsprosessar og opne møte i samband med planleggingsprosessen. Kommunevedtaket var viktig og etter signering vart Skjåk kommune forplikta på fleire måtar. Flaumsikring av Bismo har ein høg kostnad. Skjåk kommune garanterer for ein distriktsandel på 20 %

av dei faktiske kostnadene og må derfor garantere for 40.750.000 kroner. I vedlagte kalkyle var prisen 156 millionar kroner. Den baserte seg på priser tilbake i tid. Etter ei kvalitetssikring vart prisane justert opp.

Små tiltak som utgjer ein viktig forskjell. Det er eit stort engasjement og kreativ aktivitet i kommunen. I den samanheng kan ein trekke fram nokre eksempel på det gode arbeidet:

- Det er eit stort fokus på å sørgje for gode aktivitetar i sjukeheimen som t.d. bowling og sykling.
- I februar 2022 vart det gjennomført eit avløysarkurs for ungdom. Kurset gjekk over to dagar og dei 10 deltakarane fekk lære om dyrehelse og dyrevelferd, fôring, mjølking og HMS.
- I mars 2022 vart "Frøbiblioteket" opna. Det er eit tilbod til alle hobbygartnarar. Her kan ein låne frø om våren, når hausten "endeleg" kjem kan ein sanke frø frå plantene ein har dyrka.
- Det vart gjennomført 20 arrangement på biblioteket der ein har m.a. hatt fleire forfattarbesøk, konsertar, teaterframsyningar og leselystaksjonar for både barn og vaksne.
- IT-avdelinga vart styrka med eit årsverk i 2022
- Ungdomsklubben hadde stor oppslutning, med over 30 frammøtte dei fleste kveldane
- 17. mai-feiringa vart gjennomført på tradisjonelt vis i 2022, med folketog i Bismo

- Skjåk kommune fatta vedtak om å yte tilskott til gardbrukarane for kjøp av kunstgjødsel i 2022, dette grunna prisauke på kunstgjødsel.
- I 2022 vart dei første bustadane i Skei-3 klare for innflytting.

Dette er berre noko av det som skjedde i kommunen i 2022.

Det er dei tilsette i Skjåk som skapar innhaldet i den gode kommunen. Medarbeidarane i Skjåk har omstillingsevne, tek ansvar og syner omsorg. Dei har bidrege med ein stor innsats gjennom heile året.

Ein stor takk til alle medarbeidarar, tillitsvalde og leiarar i Skjåk kommune – det vert utført gode tenester kvar dag for innbyggjarane våre. Takk for stor innsats og godt samarbeid.

Tusen takk til ordførar og folkevalde for samarbeidet, saman bidreg vi til at Skjåk vert ein god kommune for våre innbyggjarar.

# 01 Befolkningsutvikling

## Befolkningsutvikling

Som oversikta under viser, har Skjåk kommune hatt ei negativ folketalsutvikling dei siste ti åra under eitt. Det er ikkje ein enkel grunn til dette, men kombinasjonen av negativt fødselsoverskot (fleire døde enn fødte), at unge flytter ut for å ta utdanning og får arbeid der etter ferdig utdanning er ein stor del av forklaringa. For mange bygder som Skjåk har dette vore utviklinga dei seinare åra, ikkje minst gjed dette for mange av kommunane i Innlandet. Da flyktningstraumen var på det høgaste i 2015, klarte busetting av flyktningar å kompensere for ein del av folketalstapet. Etter at dei er ferdige med det treårige introduksjonsprogrammet, er det mange som flytter ut, særleg til dei større byane.

Mange ungdommar reiser ut for å ta utdanning og kjem ikkje att fordi det ikkje er tilpassa arbeid til dei. Denne erfaringa deler Skjåk med svært mange kommunar i same situasjon. Den største aldersgruppa er 45–69-åringane. Det er i denne gruppa mobiliteten er lågast. Har du passert 50 og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida.


Skjåk har mange eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra. Eit fenomen er at blant dei over 80 år er ein langt høgare del kvinner enn menn. Dette er ikkje overraskande sidan kvinner generelt lever lengre enn menn.


## Framskriving av befolkningsutviklinga i Skjåk

Framskrivinga under viser at utviklinga vil halde fram, men i tillegg til sjølve nedgangen er det endringar i samansetting som gjev stor grunn til merksemd. Den yrkesaktive delen av befolkninga kan


nemleg koma til å gå ned med om lag 250 personar samtidig som talet på pensjonistar aukar med om lag 110, og heile auken blant pensjonistane kjem i aldersgruppa 80 år + (Data frå SSB).

## Folketalutvikling






Har du passert 50 og bur i Skjåk, så er det sannsynleg at du blir buande i Skjåk resten av levetida.




Skjåk har ein høg del eldre over 80 år, og dette har auka dei siste ti åra.




Det er gledeleg å sjå at yngre med høg kompetanse er interesserte og finn glede av å bu i Skjåk og ta del av samfunnslivet her.

### Folketalsframskriving



Figuren over viser folketalsprognose fram til 2040. Sjølv om utviklinga kan synast dystert, er det ein peikepinn om at kommunen må halde fram med eit målretta arbeid for at folk vil ønskje å busette seg i Skjåk.



Figuren over viser at nedgangen er størst i gruppa 18-66 år, altså den yrkesaktive delen av befolkninga. Det er viktig å skape arbeidsplassar, gode bumiljø og ikkje minst gode tenester.



# 02 Mål og resultat

## Mål og resultat

Kommunen sine utfordringar, innsatsområde og strategiske mål 2022–2028 og prioriteringar for 2022 er i forankra i dokumenta Kommuneplanen 2017–2028 og Økonomiplan og budsjett 2022–2025.

## Strategiske mål 2022–2028

Skjåk kommune har godt utbygde kommunale tenester. Ressursinnsatsen er høg samanlikna med mange andre kommunar. Skjåk kommune prioriterer tiltak som skal gjere Skjåk til ein meir attraktiv plass å bu. Kommunen har eit aktivt samarbeid med andre kommunar i regionen, og dette er naudsynt for å sikre innbyggjarane gode tenester.

## STRATEGISK MÅL 2022–2028

### 1. Resultat – økonomi

Økonomiplan og budsjett 2022 – 2025 har eit vedtak om at kommunen skal ha eit positivt netto driftsresultat for alle åra, jamfør KST sak 82/18. I 2022 skal netto driftsresultat utgjere minst 1,5 % av kommunens driftsinntekter.

**Resultat:** Netto driftsresultat for 2022 er på 11,2 %

### 2. Samarbeid med andre

Skjåk kommune skal vere ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid så lenge dette er formålstenleg. Kommunen skal styrke samarbeidet vestover. Kommunen innleiar samarbeid med nabokommunane når dette er naudsynt for å gje effektive tenester av høg kvalitet.

### 3. Klima, miljø, naturforvaltning og samfunnstryggleik

- Kommunen skal vera klimanøytral innan 2025, dette må gå att i alt planarbeid
- Skjåk skal vere ein trygg og sikker kommune og skal både førebygge og vere budde på ulykker og katastrofar
- Kommunen skal satse på auka grøn og berekraftig verdiskaping basert på naturgjevne fortrinn
- Ein berekraftig velferd og lokal trivsel
- Oppdatert klimaplan

### 4. Flyktingar

God integrering av flyktingane, med gode bustader, tilpassa opplæring og tilfredstillande barnepass.

### 5. Barn og unge

Barn og unge skal ha eit godt oppvekstmiljø som styrkar heimstadkjensla og som gjev gode, trygge og stimulerande oppvekstvilkår der det blir lagt til rette for leik og læring i trygge omgjevnader. Det skal leggast vekt på førebygging og tidleg innsats. Dette vil styrke heimstadkjensla.

### 6. Helse- og omsorg

Fagleg gode og målretta tenester og eit godt samspel med spesialisthelsetenestene slik at innbyggjarane får dei tenestene dei treng – på rett nivå.

### 7. Samfunns- og næringsutvikling

Ein vekst i sysselsetting på 10 årsverk per år fram til 2028, til saman 100 årsverk i perioden. Dette kan skje gjennom utviding av eksisterande verksemder, gjennom nyetableringar og gjennom auka kommunal aktivitet. Innbyggjarane skal ha eit breitt tilbod av kulturaktivitetar og folkehelseilbod. Det skal leggast til rette for aktivitetar og nærmiljøanlegg der folk bur. Potensialet for kultur i næring må utnyttast.

## 03 Prioriteringar 2022

### Mottak av flyktningar

Mottak av flyktningar vart aktuelt etter Russland sitt angrep på Ukraina februar 2022.

Kommunen fekk oppmoding om mottak av 15 flyktningar i løpet av 2022. Kommunestyret vedtok å ta imot 25. Vi tok imot 18 flyktningar i 2022.

Det vart etablert eit samarbeid med Lom kommune om vaksenopplæring og språkopplæring for flyktningane som kom til kommunane. Begge kommunane har teke imot om lag like mange flyktningar. Vaksenopplæringa er lokalisert i Bismo. Barn som kom fekk plass i barnehagar og skule.

Oppslutning og engasjement rundt arbeidet med å skaffe bustadar var stort.

Det er framleis venta stor pågang av flyktningar framover.

### Datasikkerheit og personvern

Situasjonen i Europa har skapt behov for skjerpa tiltak for å sikre datasystem, datatrafikk og handtering av dei data kommunen nyttar og produserer. Kommunen og RegionData har gjort betydelege tiltak for å sikre datasystema våre mot angrep utanfrå. Krav til personvern har og medført betydeleg innsats i å sikre rutinar for handtering av personopplysingar.

### Svømmeopplæring for førskulebarn

Fylkesmannen deler årleg ut tilskot til kommunar og frivillige organisasjonar, slik at dei kan gjennomføre symjeopplæring for barn i barnehage. Det er nå det fjerde året dei kommunale barnehagane i Skjåk har søkt og fått midlar til å gjennomføre dette prosjektet. Hovudintensjonen er å gjere barna trygge i vatn og fremje svømmedugleiken.

Opplæringa fokuserer mykje på vasstilvenning og det som er oppstarten i «skilpaddekurset». Det er mellom anna dykking, å flyte, få vatn i ansiktet og å gli fram i vatnet. Meir om dette kan ein lese på nettsidene til Norges Svømmeforbund: «Trygg i vatn».

Etter at barna har vore i svømmehallen ein dag i veka gjennom 10 veker, ser ein ei positiv utvikling.

### Prosjekt Generasjonssong

Barnehagane i Skjåk er med i eit prosjekt som heiter generasjonssong. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Skjåkheimen. Målet med prosjektet er jamlege møte med bebuarane på Skjåkheimen der vi skapar gode songmøte og felles opplevingar mellom generasjonar.



Foto: Bismo Barnehage

### Bismo barnehage

- Digital praksis: Med hjelp av pengar vi fekk frå Helselaget, har vi investert i ein del digitale verktøy som vi brukar saman med barna. Mellom anna har vi kjøpt inn verktøyet Beeboot, som er ein robot som lærer barna programmering gjennom leik. Rammeplanen fortel oss at barn gjennom leik, kreativitet og læring skal få digitale erfaringar som gjev dei ei byrjande forståing av det digitale samfunnet.
- Musikk, rørsle og drama: Barnehagane har fokus på musikk, rørsle og drama, og opplever å få mykje gratis når vi integrerer musikken i det pedagogiske arbeidet. Musikk gjev mykje glede og smil, rørsle og rytme i kvardagen, og vi er opptekne av å veve dette inn i dei fleste kvardagssituasjonar.
- Kropp, rørsle, mat og helse: Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp. Vi legg til rette for ernæringsmessige gode og trivelege måltid, og har faste turdagar der vi nyttar nærmiljøet rundt barnehagane. Gode vanar ein tileignar seg i barnehagen kan vare livet ut. I tråd med nasjonale føringar har barnehagen eit auka fokus på barnas psykiske helse. Å vere ein del av eit fellesskap, ha venner å leike med, og ha trygge og gode relasjonar til dei rundt seg, er viktig i den samanheng.

- Kommunikasjon, språk og tekst: Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av innhaldet i barnehagen, ikkje minst med tanke på fleispråklege barn. Gode samtalar, aktiv bruk av språk i kvardagssituasjonar, konkretisering, lesing, songar, rim, reglar, språkboksar og arbeid i mindre grupper er døme på brukte metodar.

### Dønfoss naturbarnehage

Barnehagen har stort fokus på ASK, alternativt supplerande kommunikasjon. Eit mål er å lage eit godt visuelt språkmiljø for enkeltbarn og heile barnegruppa. Det blir nytta symbolkort, kommunikasjonsbøker, tematavler og mange av personalet brukar «snakke-smykkar.» I tillegg visualiserer ein språket med mykje bruk av konkretar. Barnehagen har i løpet av året investert i «Snakkepakken». Dette er eit språkverktøy for barnehage og skule. Her får barna sjå, høyre, ta på og eksperimenterer. Aktiv deltaking styrkar språk og sosial utvikling. Utstyret har også gjeve stor motivasjon og impulsar til personalet i barnehagen. I tillegg har ein hatt eit ekstra fokus på høgtlesing og eit samarbeid med biblioteket slik at ein fornyar og varierer bokutvalet i barnehagen. Arbeid med vaksenrolla, og korleis dei vaksne ordlegg seg og kommuniserer saman med barna, er viktig i denne samanhengen. Barnehagen har utarbeidd laminerte plakatar med punkt over korleis personalet best mogleg støttar og utviklar barnas språk og ordforråd i kvardagssituasjonar.

### Skulemiljø

Barnehage- og skulemiljø er framleis eit av satsingsområda i skule og barnehage. I skulen held ein fram med å få ein felles praksis, og ei felles forståing for dette fagfeltet.

Den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» vart fullført i 2020. Kompetanseløftet denne satsinga gav, er eit viktig grunnlag for arbeidet med barnehage- og skulemiljøet. Hovudmålet er å ha eit system for utvikling av eit godt miljø på skulen frå 1. – 10. klasse. Skulen jobbar for at barn og unge blir robuste og trygge på seg sjølve, tek vare på kvarandre og skapar eit inkluderande miljø. Visjon for skulen er robust og positiv.

Praksis kring aktivitetsplikta som skulen har, er ein nyttig reiskap, men samstundes ser ein at dette må utviklast vidare. Skulen har gjennom heile året hatt fokus på relasjonsarbeid og korleis ein møter elevane, og fokus på elevane sine haldningar. For å finne gode tiltak, har skulen undersøkt og utarbeidd heilskaplege analyser. Personalet har tileigna seg slik kunnskap i løpet av 2022. Dette har vore eit tidkrevjande arbeid, men eit arbeid som måtte gjerast for å finne tiltak som gjev eit betre og tryggare skulemiljø for alle.

Som ei vidareføring av det arbeidet som alt er lagt ned, vil fagleg inkludering bli ei av oppgåvene framover. Forsking viser at fagleg inkludering er like viktig for skulemiljøet som sosial inkludering. Skulen jobbar med å utvikle ein fellesskapande didaktikk, slik at alle opplever at dei

både kan lære og bidra i fellesskapet. Inkludering både sosialt og fagleg, fører til at læringsmiljøet blir godt for alle.

Mål for satsinga er eit miljø som fremjar god psykisk helse:

- Alle skal oppleve å bli sett
- Styrke emosjonell kompetanse og empati
- Felles fagspråk og forståing
- Kunnskap om kva som fremjar inkluderande miljø
- Kollektiv handlingskompetanse hjå tilsette for å ta tak i situasjonar som oppstår
- Styrke samarbeid barnehage/skule og heim



Elevane skal ha digitale ferdigheiter som gjer dei i stand til å oppleve livsmeistring og lukkast i vidaregåande utdanning, arbeid og deltaking i samfunnet.

IKT skal nyttast godt i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa for å auke elevane sitt læringsutbytte.

### MOT og LINK

Skjåk er ein MOT-kommune, og gjennom MOT får skulen verktøy til å arbeide førebyggjande frå 8. til 10. klasse. Hausten 2022 tok skulen i bruk LINK som er eit verktøy for førebyggjande arbeid frå 1. – 7. klasse. LINK står for Livsmestring I Norske Klasserom, og er eit opplegg frå RVTs (Rus-, vald- og traumeførebyggjande tiltak sør). I læreplanen er Folkehelse og livsmeistring eitt av tre tverrfaglege tema som er innført med LK20. OECD har peikt på tre grunnleggjande kompetanseområde som er viktige for barn og unge i framtida og det er:

- Å kunne fungere saman med andre i ulike samanhengar
- Å vera autonome og sjølvstendige, ta eigne val og lage ein plan for livet sitt m.m.
- Å beherske grunnleggjande ferdigheiter som lesing, skriving, rekning m.m.

*«Livsmestring dreiar seg om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Tema skal vera med å hjelpe til med at elevane lærer å handtere medgang og motgang og personlege og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte». (LK20) LINK er eit undervisningsopplegg som kan bidra til å omsetja noko av intensjonen med fagtema til praktisk arbeid i klasserommet.*

### Skulenærver

Som eit av resultat av arbeid med skulemiljø, er fokus blitt auka på skulenærver. Fråværet har auka i grunnskulen dei siste åra, og det har vore gjort ein del undersøkingar nasjonalt.

Høgt skulenærver og trivsel på skulen beskyttar elevar mot psykisk uhelse, og aukar den enkelte sjansa til å gjennomføre vidaregåande utdanning. Skulen har derfor

fått på plass ein rettleiar for skulenærver i Skjåk kommune, «Kvar dag tel». Her har skulen laga retningsliner for kva dei gjer når, litt om korleis ein skal finne årsaker og ein «bank» med ulike tiltak. Også i dette arbeidet blir det viktig å opparbeide seg analysekompetanse, for det er heilskaplege analysar som legg grunnlag for gode tiltak.

### Digitale hjelpemiddel i skulen

Arbeid med å utvikle digitale hjelpemiddel er vidareført i 2022. Arbeidet går seint mellom anna på grunn av fokus på andre område, og på grunn av manglande støtte og kompetanse. På barnesteget er nettbrett det viktigaste hjelpemiddelet, og mellomsteget har nettbrett med tastatur i dekselet. På ungdomsteget er nettbrett tilgjengeleg, men PC er det viktigaste digitale hjelpemiddelet.

Nettbrett passar godt på barnesteget, mens skulen ser at PC er vel så tenleg på ungdomsteget. I løpet av året vart det investert i nye PC-ar til ungdomsteget, og det vart inngått ny leasingavtale på bruk av nettbrett på barnesteget.

Skulen har framleis eit etterslep på kompetanse og teknisk kunnskap. Målet med satsing på digitale verktøy er at ein innfrir krav i læreplanen om ein aktiv elev som tileignar seg kunnskap og ferdigheiter til å mestre og løyse oppgåver. Vi vektlegg at elevane skal kunne forstå og ha evne til refleksjon og kritisk tenking.

### Fagfornyninga i skulen

Fagfornyninga og nye læreplanar i skulen vart innført for 1.-9. trinn i 2020 og for alle trinn frå 2021. Arbeidet med implementering av dei nye fagplanane og arbeidet med kjerneelement, «dybdelæring», tverrfaglege emne, nye emne og vidareutvikling av vurderingsarbeidet er sentralt i fagfornyninga. Dette er eit arbeid som vil vere i kontinuerleg utvikling i skulen. Målet er å vidareutvikle eit profesjonsfellesskap med klasseromspraksis i tråd med fagfornyninga.

Felles forståing for korleis skulen tolkar innhaldet i planane er svært viktig. Skulen har fortsett arbeidet med profesjonsfellesskapet, kunnskapssynet i læreplanen og arbeidet med dei ulike fagplanane. Her har skulen i tillegg til å ha fokus på formålet med faget og kjerneelement, arbeidd spesielt med kompetansemål, for deretter å gå over til å sjå på progresjon frå 1. – 10. klasse i bortimot alle fag. Elevane skal tileigne seg kunnskap, men like viktig er det at dei utviklar ferdigheiter og meistarar å bruke kunnskap og ferdigheiter i kjente og ukjente samanhengar. Eit mål framover er å få til planar over læringsløpet frå 1. – 10. klasse med progresjon både fagleg og sosialt.

### Frå teori til praksis

Læreplanen legg vekt på ei praktisk tilnærming til teoristoff, og elevane skal også få utvikla ferdigheiter gjennom

praktiske oppgåver. Skulen arbeider med å utvikle tverrfaglege opplegg der teori og praksis skal gå hand i hand.

### DEKOMP (Desentralisert kompetanseheving)

Staten har organisert det skulebaserte utviklingsarbeidet i DEKOMP. Satsinga er delvis koordinert og administrert gjennom Statsforvaltaren og er vidare organisert i regionale samarbeid i fylket. Kvar region er knytt opp til eit høgskulemiljø som skal levere det faglege innhaldet i utviklingsarbeidet. Nord-Gudbrandsdal er i 2022 knytt til Høgskulen i Innlandet (HINN).

Regionen har etablert leiarnettverk, der rektorane og ressurspersonar frå kvar skule møtest for erfaringsdeling og fagleg rettleiing frå HINN. Mellom samlingane arbeider skulane med oppgåver til neste samling. Regionen får tilført betydelege middel til arbeidet. Desse midla blir nytta til felles kompetansetiltak og nettverk i regionen, og fordelt til kommunale tiltak i samarbeid med HINN.

### Elevbedrifter - entreprenørskap

I løpet av 2022 har elevane i 9. klasse arbeidd i elevbedrifter, og lærarar har tileigna seg kompetanse i entreprenøriell metode. Ungt entreprenørskap er ein ideell landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar, jobbar for å utvikle barn og unges kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv og gje dei innovasjons- og

entreprenørkompetanse. Metoden er forankra i fagfornyninga, legg til rette for tverrfagleg samarbeid, legg til rette for elevmedverknad, inspirerer til innovasjon og nytenking og når kompetansemål i læreplanen.

Ein ser også at motivasjon for skulearbeidet aukar når elevane ser at dei har kunnskap og eigenskapar som nokon utanfor skulen er interesserte i. Våren 2022 var skulen med på elevbedriftsmessa på Otta med sju bedrifter. «Skjåk Dekk og Vask», fekk nr. 1 i to kategoriar, «Beste elevbedrift» og «Beste profilering». Elevbedrifta «Ull er gull» vart nr. 1 i kategorien «Beste team» og nr. 2 i heile tre kategoriar – «Beste kundeoppleving», «Grønt og genialt» og «Beste profilering». Desse to bedriftene fekk så reise til Hamar på fylkesmeisterskapet INNspire. «Ull er gull» fekk heile tre førsteplassar, «Grønt og genialt prisen», «Beste videopitch» og til slutt «INNspireprisen» der det står i vurderinga: Har tydelig formål og sosial forankring. Dette inspirerte juryen, og bedriften har en idé som kan vokse vidare og utover lokalsamfunnet.

### Lektor2 – Samarbeid med arbeidslivet om undervisning i realfag

I samarbeid utviklar skule og samarbeidspartnaren undervisningsopplegg med fokus på å nytte realfag. Dette skal bidra til læringa for eleven, og det skal gje motivasjon for realfag. Skulen sin samarbeidspartnar er Skjåk Almenning, og oppdraget frå dei går ut på

å forbetre beiteområde for elg.

Utifrå ein teori om at moderne skogsdrift kanskje har endra noko på beiteområdet, skal elevane forske på dette ved at dei skal friske opp eit gammalt beiteområde til nytt. I forkant må dei setja seg inn i statistikk, og dei må gjera fysiske endringar i eit område. Dette vart gjort våren 2022. Oppdraget er noko Skjåk Almenning treng hjelp til, det er ikkje spesielt laga for skulen. Det elevane finn ut, vil vera nyttig for bedrifta.

### REKOMP (Regional kompetanseheving)

Staten har organisert det barnehagebaserte utviklingsprogrammet i REKOMP. Satsinga har vore organisert noko ulikt i DEKOMP, på den måten at statsforvaltaren har ei større rolle. Dette for betre å ivareta både kommunale og private barnehagar.

I Nord-Gudbrandsdal er dette organisert i eit felles regionalt leiarnettverk for barnehagane med HINN som fagleg leverandør. På same måte som i DEKOMP for skulen, blir det tilført middel til regionen for å gjennomføre utviklingsarbeid og kompetanseheving. Delar av dette blir nytta til gjennomføring av det regionale nettverk for barnehagane. Det kan og avsettast middel til konkrete kompetansehevande tiltak i den enkelte barnehage.

### Vidareutdanning av lærarar

Kompetanse for kvalitet er ei nasjonal satsing på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar fram mot 2025. Den er utvikla i samarbeid mellom KS, arbeidstakarorganisasjonane, lærarutdanningane og Kunnskapsdepartementet.

Målgruppene for vidareutdanningsordninga er lærarar i heile grunnopplæringa, inkludert lærarar som underviser vaksne på grunnopplæringsnivå, lærarar på kulturskular og i vaksenopplæring. Utdanninga gjev studiepoeng og formell undervisningskompetanse i fag.

Skjåk kommune har delteke i vidareutdanning på desse områda sidan 2015:

	Tal på lærarar	Fag
2015	3	Rådgjeving, musikk og norsk
2016	1	Tysk
2017	1	Mat og helse
2018	6	Andre-språkpedagogikk, kunst og handverk, profesjonsfagleg digital kompetanse og kroppsøving
2019	3	Karriererettleiing, kunst og handverk og kroppsøving 2.
2020	4	Engelsk, norsk, friluftsliv og kroppsøving
2021	4	Friluftsliv, erfaringsbasert master lærarspesialist og tysk
2022	4	Matematikk 1-7, Programmering, lærarspesialist kroppsøving og begynneropplæring

Barnehageåret 2022 og 2023 er ein styrar til i gang med styrarutdanning. Utdanning innanfor ordninga blir delfinansiert gjennom at studieplassen er betalt av staten, kommunane får tilskot til vikarutgiftene, eller deltakarane kan velje å ta permisjon utan løn for så å få statleg stipend i studietida (normalt eit skuleår). Kommunen dekker reise og opphaldsutgifter for deltakarane. Prioritering frå kommunen si side blir gjort etter drøfting med tillitsvalde.

### Oppvekstreforma – gjeld fleire av tenesteområda

Arbeidet med og implementering av oppvekstreforma starta opp i løpet av 2022. Oppvekstreforma handlar om tverrfagleg samarbeid og å skape eit lag rundt barnet på eit førebyggjande nivå. Målet er å gje tilpassa hjelp i barnet sitt nærmiljø. Informasjon til personalet og foreldra om kva oppvekstreforma er, og målet med å bygge "laget rundt barnet" har vore sentralt. Arbeidet er tverrfagleg og involverar mange av tenestene i kommunen, saman med ei rekkje interkommunale og regionale tenester.

### Kulturskulen

Styrking av vårt profesjonelle læringsfellesskap. Kulturskulebasert vurdering for læring med forskjellige tema. Arbeid med å sjå på samanheng mellom det å stille krav til eleven og trivsel ved kulturskulen. Starta på arbeidet med barnevernsreformen med diskusjonar om korleis kulturskulen kan vere ein betre samarbeidspart i laget rundt barnet.



Foto: NRK

### Strategi for helse og omsorg 2023 til 2030

I kommunestyrets vedtak i sak 63/2021 24. juni 2021 vart det fatta vedtak om å starte opp arbeidet med plan for helse og omsorg. I vedtaket er det vist til at det skal gjennomførast med brei involvering, og korleis arbeidet skal gjennomførast.

Planarbeidet har vore følgt opp av hovudutval for helse og omsorg, samt oppvekst og kultur. I tillegg har det vore invitert til seminar i Marlo grendehus, der politikarar, tilsette og representantar frå råd og foreiningar har vore invitert. I den fyrste samlinga vart det sett størst fokus på

emne og tema, for at viktige innspel kunne arbeidast inn i planen. Den andre samlinga presenterte eit utkast som vart arbeidd med og gjeve grundige attendemeldingar på. Eit viktig moment som kom fram i dette arbeidet var at barn og unge ikkje var tematisert i mandatet. Dette er difor teke med inn i det ferdige dokumentet, og er eit punkt som avviker frå det opprinnelege mandatet. Planen er utforma i tett samarbeid med tenestene.

Planen er basert på den nyaste kjente kunnskapen om kva utvikling for helse- og omsorgstenester ein er kjent med, og kva behov og tenester innbyggjarane vil trenge.

Helse- og omsorgsplanen er ein sektordelplan under kommuneplanens samfunnsdel.

Her heiter det at Skjåk kommune skal:

- byggje pleie- og omsorgstenesta på prinsippet om «lengst mogleg i eigen heim»
- organisere tenestene slik at ein oppnår fleksibilitet og gode overgangar mellom hjelp i eigne heimar og institusjonstenester
- organisere tenestene slik at vi får nyttiggjort den kompetansen dei tilsette har, og dei samla ressursane så effektivt som det er råd, til beste for brukarane.
- legge stor vekt på medverknad frå brukarar og pårørande
- sørge for oppdaterte kvalitetsstandardar for tildeling av tenester innan pleie- og omsorgstenesta
- satse på og prioritere samarbeid med andre kommunar om kompetanse, tenester og i enkeltsaker så langt dette er råd og tenleg

Vidare er FN's bærekraftsmål grunnleggjande prinsipp for korleis tenestene blir utforma. Livskvalitet og meistring skal vere Skjåk kommune sine grunnverdiar.

- Førebygging og tilrettelegging for meistring framfor passiv bistand
- Velferdsteknologi skal inkluderast som ein naturleg del av tenestene
- Heimen er primær bistasarena

- Det skal satsast på tilrettelagte bustadar
- Brukarerfaring og frivilligheit blir gjeve stor plass
- Tenestene skal byggje på kunnskap, nytenking og involvering

Planen tilrår tre overordna grep, med tilhøyrande tiltak:

- Folkehelse, førebygging og rehabilitering for alle aldersgrupper
- Heimetenester i form av helsehjelp, praktisk hjelp i heimen og personleg assistanse.
- Omsorgsbustadar og spesialiserte helsetenester i sjukeheim

I planen er det lagt særleg vekt på arbeidet for å samordne ressursar til barn og unge. Oppvekstreforma gjev klare føringar, men det nødvendig å sjå dette i lys av lokale forhold for å sjå korleis Skjåk kommune skal gjere desse oppgåvene. Det er sett eit særleg søkelys på korleis førebyggjande arbeid bidreg til mindre behov for tenester. Dette er eit arbeid som startar frå mors liv, og varar ved gjennom oppveksten, livet som vaksen, og til slutt som ein eldre person. Det er vist i planen at ved å arbeide førebyggjande på ein systematisk måte, vil ein klare å førebygge mange av dei utfordringar ein veit vil koma.

Det vil vere nødvendig å bygge ut ein robust heimeteneste, som sikrar helsehjelp og pleie- og omsorgstenester til innbyggjarane. Dette set helsetenestene i Skjåk kommune i stand til å møte dei

utfordringar som er kjente med omsyn til ein aukande eldre befolkning og færre innbyggjarar i arbeidsfør alder. Det er nødvendig å satse på å utvikle institusjonen slik at den er enda meir spesialisert inn mot korttidsopphald som rehabilitering, behandling og vurderingsopphald.

Ved å satse på ein utstrekt bruk av omsorgsbustadar, og ha spesialiserte helsetenester i sjukeheimen, vil ein sikre kapasitet og kompetanse til å yte helsetenester av god kvalitet til våre innbyggjarar.

Tiltaka sørgjer for ein effektiv drift og god utnytting av ressursar. Ved å ha ei målbevisst satsing på kompetanseheving av våre tilsette, og rekruttering av den kompetansen som er nødvendig, vil ein ha handlingsrom til å gjeva tenester på rett nivå og til rett tid. Skjåk kommune skal bygge opp tenester for framtidens eldre, som har andre krav og ønske for korleis tenesteyting skal skje. Befolkninga er i stor grad digitaliserte, og kan nytte andre hjelpemiddel for å meistre og bu i eigen heim. Friviljuge og foreiningar er viktige støttespelarar for kommunen, og eit naturleg supplement til kommunens lovpålagte oppgåver.

Planen vart vedteke 15. desember 2022 og legg nå føringar for korleis Skjåk kommune planlegg den vidare helse- og omsorgstenesta.

### Rett tiltak til rett tid

Institusjon og heimesjukepleie deltek i prosjektet, Rett tiltak til rett tid, i regi av KS og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmesykepleie (USHT). Prosjektet skal bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag og kompetanseutvikling, spreie ny kunnskap, nye løysningar og nasjonale føringar.



### Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester

USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, hovudsatsingar og tiltak i Demensplan 2025. Prosjektet skal auke kompetanseheving på fagområdet demens, og gjev eit systematisk utviklingsarbeid og erfaringsutveksling med team i andre kommunar. I prosjektgruppa deltek tilsette frå heimesjukepleia og institusjonen.



### Gode pasientforløp

Gode pasientforløp er eit nasjonalt læringsnettverk i regi av KS som Skjåk kommune vart med i hausten 2022. Det er ei tverrfagleg gruppe med kommuneoverlege, tilsette i heimesjukepleia, institusjon, fysioterapeut og tildelingskontor.

Formålet med Gode pasientforløp er å støtte kommunane og helseføretaka i å betre overgangane i pasientforløpa og sikre brukarane sine behov for å møte trygge, heilskaplege og koordinerte tenester. Arbeidet byggjer på HPH – Heilskapleg Pasientforløp i Heimen, eit rammeverk med strukturert oppfølging ved hjelp av sjekklister. Med ein stadig aukande andel eldre og færre yrkesaktive, må vi organisere tenestene på ein annan måte for å få ein meir berekraftig helse- og omsorgsteneste. Helsepersonell må ha ein meir helsefremmande tilnærming i møte med pasient og brukar. Difor er "Kva er viktig for deg?" – spørsmålet så viktig. Arbeidet skal resultere i at brukaren har ei oppleving av å vere likeverdig i utarbeidinga av sitt pasientforløp.

### Leve hele livet

Regjeringa la i 2018 fram kvalitetsreforma i st.m. 15 Leve hele livet som er ei satsing ut 2023. Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å meistre livet. Leve hele livet handlar om dei grunnleggande tinga som oftast sviktar i tilbodet til eldre: mat, aktivitet og fellesskap, helsehjelp og samanheng i tenestene. Reforma skal bidra

til at eldre kan meistre livet lenger og ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det.

Leve hele livet kan samlast i nokre hovudtema som til saman vil bidra til å gi eldre og pårørande høve til å velje:

- Matglede og ernæring
- Aktivitet og fellesskap
- Pårørandeomsorg
- Heilskaplege helsetenester

### Matglede og ernæring

I Skjåk har vi fokus på å utvikle tenestene våre i tråd med reforma. Vi har stort fokus på ernæring og matglede. Kjøkenet på Skjåkheimen produserer heimelaga mat med råvarer frå lokale produsentar. Kjøkenet arbeider stadig for å utvikle seg fagleg og sikre gode tenester.

### Aktivitet og fellesskap

Det er eit stort fokus på å ha gode aktivitetar på sjukeheimen. Gjennom året har det vore aktivitetar som bowling og digitale spel. Det er særleg populært med filmkveldar i omsorgsbustadane. Aktivitetar og dagtilbod er noko vi veit opprettheld og førebygg ytterlegare redusert funksjon både fysisk og psykisk, samt at det stimulerer den kognitive funksjonen.

### Pårørandeomsorg

Skjåk kommune er opptekne av å ta vare på dei pårørande. Det er eit tett samarbeid mellom pårørande og helse- og omsorgstenestene, og kommunen tilbyr



avlastingstiltak for at fleire kan bu heime lenger i lag med sine nærmaste. Det kan vere individuelt kva som avlastar i ein heim.

Nokre tiltak kommunen yter er:

- Dagtilbod
- Støttekontakt
- Heimesjukepleie i form av helsetenester og personleg assistanse i heimen
- Avlastingsopphald i sjukeheimen
- Omsorgstønad, i form av ei økonomisk stønad til omsorgsytar

Heimesjukepleia yter helsetenester og personleg assistanse i heimen. Dette er ei teneste som blir langt meir viktig for dei heimebuande framover. Det er nødvendig å vurdere kva oppgåver som skal ytast av helsevesenet og kva som skal gjerast av samarbeidspartar. Dette er noko Skjåk kommune vil arbeide med framover.

### Heilskapelege helsetenester

Leve hele livet er ei reform for innbyggjarane våre, og den påverkar alle som jobbar i helse- og omsorgstenesta. Den skal inspirere til å finne nye arbeidstidsordningar og ta i bruk ny teknologi, nye metodar og løysingar. Den skal utfordre til å organisere seg slik at det blir større kontinuitet i tenestetilbodet, med mjukare overgangar og færre å halde seg til for dei som mottok tenester. Eit konkret tiltak i Skjåk har vore langvaktene på helg, der vi ser at pasientane får ein

meir kontinuerleg oppfølging. I 2021 endra vi organisasjonen slik at institusjon og heimesjukepleia vart lagt hjå same tenesteleiar. Det har vore vellukka og gjer at vi samarbeider tettare i dag mellom dei to tenestene.

Helsetenester blir gjeve etter vedtak frå tildelingskontoret. Saksbehandlar har møte ein gong i veka med representantar frå sjukeheimen, heimesjukepleia, institusjonslege og fysioterapeut/ergoterapeut.

Skjåk kommune har tilsette med høg fagkompetanse i pleie- og omsorgstenestene som bidreg til kvalitet på helsetilbodet for eldre og pleietrengande, men kommunen treng å rekruttere fleire med høgskuleutdanning dei nærmaste åra. Skjåk kommune ønskjer å vere ein stad der pasientar med behov for svært krevjande og avansert behandling skal kunne få det i heimen.

### Innsats for andre

Innsats for andre er eit valfag på ungdomssteget i grunnskulen. Elevane som har vald å vere på Skjåkheimen deltek i sosiale aktivitetar med bebuarane på sjukeheimen og i omsorgsleilegheiter.


### Klare sjølv

Frå hausten 2021 starta Skjåk kommune opp prosjektet Klare sjølv. Gjennom prosjektet ønskjer kommunen å kartleggje og prøve ut velferdsteknologi til barn, unge



Foto: Skjåk kommune

*Yeti, innsats for andre, bebuarar på Skjåkheimen og elevar frå Skjåk barne- og ungdomsskule*



## klare sjølv

og vaksne med funksjonsnedsettingar. Skjåk kommune har eit tett samarbeid mellom skule og avlasting, noko som er positivt for prosjektet, da ein er avhengig av samarbeid på tvers av sektorane. Dette samarbeidet er noko andre kommunar i regionen og elles i landet er svært interesserte i. Prosjektet er ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet, og blir gjennomført med midlar frå helsedirektoratet. Eit av delmåla til prosjektet er at Bismotunet bufellesskap implementerer ei digital aktivitetsoversikt som kjem bebuarane til gode. I tillegg til dette nyttar kommunen fleire andre velferdsteknologiske løysingar. Ein ser at det er eit stort potensial for meistring og auka livskvalitet ved å ta i bruk velferdsteknologi. Illustrasjon Klare sjølv og illustrasjon med bilete av aktivitetsskjerm??

**Berekraftig bufellesskap og avlasting**  
Bismotunet bufellesskap stod ferdig for innflytting 3. februar 2020. Tenesta gjorde eit grundig arbeid med å utarbeide

rutinar, planlegge flytting og velje interiør. Det innebar endringar for både tenestemottakarar, pårørande, tilsette og leiarar. Prosjektet i miljøarbeidartenesta har hatt fokus på tenesteinnovasjon og utvikling av eit berekraftig bufellesskap.

I 2022 avslutta vi prosjektet om dagarbeidstiltak. Bismotunet bufellesskap har etablert kantinedrift på skulen i samarbeid med skule og privat næringsliv. Det er stort fokus på å utvikle dagarbeidsplassane, og dette har høg prioritet inn i 2023.

### Nye arbeidstidsordningar

Sjukeheimen, heimesjukepleia og bufellesskapet har hatt dispensasjon frå arbeidstakarorganisasjonane for å prøve ut langvakter på helg sidan 2019. Evalueringa blant dei tilsette viser at dei fleste som går langvakter på helg, ønskjer å halde fram med dette.

Personalet får planlagt arbeidsdagen betre og det blir meir ro over arbeidsoppgåvene, det påverkar pasientane positivt. Det har vore lagt ned

eit stort arbeid i å få på plass nye turnusar. Digitalisering og bruk av velferdsteknologi

For å møte framtida sine demografiske utfordringar, er det naudsynt at Skjåk kommune har fokus på digitalisering og velferdsteknologi. Tiltaka som gradvis implementerast i tenesta skal ha nytteverdi og effekt.

Nasjonalt velferdsteknologiprogram visar til mange gevinstar for tenestemottakarar og tenesteleverandørar. Dei viktigaste gevinstane er utsett behov tenester, redusert tal på besøk frå heime-tenestene, auka tryggleik, fridom, meistring og sjølvstende.

Tryggingsalarmane i Skjåk er no digitaliserte med varsling til legevakt-varslinga på Otta. Skjåk er i ei særstilling med omsyn til omfanget av brannvarslarar knytt til tryggingsalarmane. Kommunen har også satsa på innføring av medisin-dispensarar.

### Kompetanseheving

Kommunen har fagarbeidarar som deltek på vidareutdanninga i Demens og alderspsykiatri, i regi av Fagskulen. Utdanninga starta hausten 2021, og blir avslutta med eksamen sommaren 2023.

Kommunen vert pålagt fleire og meir krevjande oppgåver innan helse- og omsorgssektoren, noko som krev høg fagkompetanse blant dei tilsette. Skjåk kommune ser eit behov for å rekruttere fleire med høgskuleutdanning dei nærmaste åra. Det er tidlegare gjennomført kompetansekartlegging i heile sektoren for å få oversikt over kva behovet er i åra framover.

## Leve hele livet

- en kvalitetsreform for eldre



### Jobbspesialist i NAV og prosjektet Levele

NAV Lom og Skjåk tilsette eigen jobbspesialist i 2022. Ein jobbspesialist gjev arbeidsretta oppfølging gjennom tiltaket *Utvida oppfølging*. Jobbspesialisten har tett oppfølging for å bistå arbeids-søkarane ut i ordinært arbeid.

Jobbspesialisten kan syne til gode resultat.

Prosjektet Levele hadde i førre prosjektperiode eit fokus på innhaldsproduksjon, blant anna videopodcastar, infografikk til sosiale medier, infoskjermar, fysiske foldarar med tips innan økonomi. Dette er samla på ein eigen nettstad, [www.levelle.no](http://www.levelle.no).

Målsettinga for prosjektet er:

- Vidareutvikle tilbodet om økonomisk råd og rettleiing til bruk for privatpersonar
- Utvikle metodar og materiell for NAV og dei kommunale tenestene
- Overføringsverdi til andre tenester



### Instagram / digital helsestasjon

Instagramkontoane #Ungvaksen og #Skjåkhelsestasjon er oppretta for å kome nærare brukarane våre. Ungvaksen er kommunen sin ungdomskonto. Helsestasjonane i Skjåk, Lom og Vågå nyttar denne kontoen som informasjonskanal til ungdommane.

Det vart oppretta ein digital helsestasjon under byrjinga av pandemien. Det er viktig at helsestasjonstenesta er til stades på forum der tenesta kan møte ungdommane.

# 04 Årsrekneskap

I 2022 utgjorde driftsinntektene vel 310,2 millionar kroner mot budsjettert 261,5 millionar kroner, og inntektene var dermed 48,7 millionar høgare enn budsjettert. Det er meirinntekter på konsesjonskraft, skatteinngang, rammeoverføringar, eigedomsskatt og overføringar og tilskot frå staten. Meirinntektene på overføringar og tilskot har og ei utgiftsside, eller er avsett for å dekke utgifter neste år. Mykje av meirinntektene er i stor grad eingongseffektar og er ikkje varige. Konsesjonskraftinntektene har variert mykje, men er rekordhøge i 2022. Det er høg skatteinngang for landet og kommunane har fått behalde inntektene.

Driftsutgiftene blei 288,8 millionar mot budsjettert 268,5 millionar kroner, det vil seie 20,3 millionar kroner over budsjettert. Det er hovudsakleg løn og kjøp av varer og tenester, og sikringstap konsesjonskraft som representerer meirutgifter. Meirforbruk på løn er for det meste på ansvarsområda skule, institusjon, heimetenester for funksjonshemma og flyktningar. Det er og noko meirforbruk legetenester, teknisk drift og barnehagen i Bismo. Det var kostnader knytt til pandemi på enkelte ansvarsområde, spesielt tidleg på året. Kommunen har også fått midlar knytt til pandemi gjennom skjønnsmidlar og rammeoverføringane. Det vesentlegaste av meirkostnadene på kjøp av varer og

tenester skuldast fleire forhold, blant anna refusjon til Lom og Sel, straumkostnadar, konsulenttenester og kjøp av inventar. Refusjon til Lom skuldast enkeltpost som ikkje er budsjettert. Meirforbruk konsulenttenester fordeler seg på fleire område. Høge kostnader knytt til inventar gjeld for det meste innkjøp til flyktningar, og er dekt av integreringstilskot.

Reguleringspremie pensjon blei svært høg i, men meirkostnaden er for en stor del dekt av høgare avkastning frå premiefond.

Finansresultatet blei 5 millionar kroner betre enn budsjettert. Kommunen har hatt mykje innestående på grunn av høge inntekter, alle investeringar er ikkje gjennomførte og rentesatsen har vore høgare enn budsjettert. I tillegg tok kommunen opp mindre lån enn budsjettert, da gjennomføring av enkelte investeringar skjer seinare enn planlagd. Skjåk kommune fekk og eit høgt utbytte frå Skjåk Energi, som isolert sett ga 2,6 millionar kroner i ekstraintekt.

Alle investeringar er ikkje gjennomføre som planlagd. I dei tilfella investeringane er finansierte frå drift og ikkje gjennomført, vil dei generere eit overskot, og i 2022 utgjør denne posten vel 2,4 millionar av overskotet.

## 1.1. Driftsresultat

### Hovudoversikt

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Budsjett	Opphavleg	Rekneskap
Økonomisk oversikt - drift	2022	2022	budsjett	2021
9 Sum driftsinntekter	310 238 994	261 506 000	255 006 000	275 840 783
15 Sum driftsutgifter	288 789 941	268 459 000	258 973 000	256 592 308
16 Brutto driftsresultat	21 449 053	-6 953 000	-3 967 000	19 248 475
22 Netto finansutgifter	-6 300 675	-11 308 000	-11 308 000	-7 405 293
23 Motpost avskrivningar	14 852 659	14 888 000	14 384 000	14 382 985
24 Netto driftsresultat	30 001 037	-3 373 000	-891 000	26 226 166
Premieavvik	4 806 700	4 938 000	4 938 000	-9 821 326
Netto driftsresultat korrigerert for premieavvik	34 807 737	1 565 000	4 047 000	16 404 840
Netto dr.res korr for premieavvik i % av omsetnad	11,2 %	0,6 %	1,6 %	5,9 %
32 Overskot avsett direkte på disposisjonsfond	32 435 896	0	0	14 678 715

## Resultatvurdering

Overskotet blei vel 32,4 millionar kroner og korrigert netto driftsresultat blei over 34,8 millionar kroner, som utgjer 11,2 % i høve til omsetnaden. Dette er høgare enn måla i handlingsregelen, som er 3 % på sikt.

Skjåk kommune har dermed eit rekordhøgt resultat i 2022, til tross for at kostnadssida er høgare enn budsjettet og at vi har høg reguleringspremie på pensjon. Mange inntekstpostar, spesielt konsesjonskraftinntekter, godt finansresultat og mindre overføringar til investering løftar netto driftsresultat og overskot. Netto meirinntekter på konsesjonskraft utgjer 23,4 millionar kroner, til tross for sikringstap på 5,7 millionar kroner.

I tillegg til svært godt resultat på konsesjonskraft er det meirinntekter på rammeoverføringar, skatteinntekter, eigedomsskatt, renteinntekter og utbytte.


Kostnadssida må vurderast opp mot mottekne øyremarka tilskot og refusjonar, samt kostnader til pandemi.

Reguleringspremien er svært høg og nesten dobbelt så høg som anslaget frå KLP hausten 2021. Avviket er knapt 5 millionar på pensjon, men blir langt på veg dekt av motsvarande avvik på avkastning frå pensjonsfond, som gav ein pluss på nesten 4,3 millionar kroner.

Dei aller største avvika på enkeltpostar på hovudoversikter er og kort kommentert i note 27 i rekneskapen, på hovudoversiktsnivå. Avvik på ansvarsområde går fram av tabell under. Kvar enkelt kommunalsjef har omtala avvik i høve til netto resultat på kvart ansvarsområde.

Kommunen har høg premiereserve på pensjon, solid likviditetsreserve og kraftfond.

## Utvikling netto driftsresultat korrigert for premieavvik



Oversikta syner utvikling dei 10 siste åra i millionar kroner når det gjeld netto driftsresultat korrigert for premieavvik.

## Netto driftsutgifter per ansvarsområde


	Rekneskap 2022	Busjett 2022	Avvik	Herav sos kostnader	Rekneskap 2021	
100	Kommunedirektør	8 163 893	7 912 000	251 893	65 443	7 683 041
103	Personal og organisasjonsutvikling	2 775 141	2 613 000	162 141	274 688	2 092 281
104	Økonomi	3 289 460	3 634 000	-344 540	70 777	3 300 050
200	Oppvekst og utdanning	17 671 856	16 213 000	1 458 856	416 387	15 880 384
201	Flyktningar	2 152 079	1 175 000	977 079	57 938	1 497 440
211	Dønness barnehage	4 471 366	4 288 000	183 366	260 606	4 120 044
212	Holemork barnehage	0	0	0		2 689 203
213	Bismo barnehage	9 426 208	8 295 000	1 131 208	832 653	5 826 700
220	Skjåk barne og ungdomskule	25 172 600	23 638 000	1 534 600	404 217	24 419 047
240	Kulturskule	1 722 566	1 816 000	-93 434	257 302	1 817 293
300	Helse og omsorg	4 209 234	3 091 000	1 118 234	128 020	3 571 281
310	Institusjon og heimetenester	36 589 849	32 491 000	4 098 849	312 087	23 010 684
320	Heimetenester til funksjonshemma	15 096 032	13 363 000	1 733 032	728 673	25 214 963
330	Helsetasjon	2 229 655	2 667 000	-437 345	-90 879	2 675 417
331	Nav	2 638 361	2 822 000	-183 639	25 541	2 307 836
332	Barnevern	3 742 607	3 274 000	468 607		2 564 859
350	Helsetenester	12 997 941	11 790 000	1 207 941	466 867	16 003 457
400	Miljø og samfunnsutvikling	8 508 959	9 111 000	-602 041	48 819	7 623 820
410	Kultur	1 273 405	1 536 000	-262 595	10 521	1 342 356
420	Teknisk var	4 864 158	4 551 000	313 158	87 679	4 087 065
430	Teknisk drift	25 685 640	24 377 000	1 308 640	654 482	24 931 812
450	Landbruk og næring	342 833	146 000	196 833	52 578	478 827
600	Finans og overføringar	-193 023 843	-178 803 000	-14 220 843	-4 679 512	-183 137 861
<b>TOTALT</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kommunedirektør og stab		14 228 494	14 159 000	69 494	410 908	13 075 372
Oppvekst og utdanning		60 616 674	55 425 000	5 191 674	2 229 103	56 250 111
Helse og omsorg		77 503 679	69 498 000	8 005 679	1 570 309	75 348 498
Miljø og samfunnsutvikling		40 674 996	39 721 000	953 996	854 079	38 463 880
Finans og overføringar		-193 023 843	-178 803 000	-14 220 843	-4 679 512	-183 137 861
		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>
Overskot avsett på disposisjonsfond		32 435 896				14 678 715

### Merknader;

Kolonne 4 syner at en del av avvika skuldast sosiale kostnader, det vil seie årleg reguleringspremie pensjon.

Overføring premiefond er bokført på ansvar 600. Overskot er avsett på ansvar 600.

Kommunalsjefar og kommunedirektør har kommentert avvik under eigne kapittel.

**Kraftinntekter**

Kraftinntektene er spesifisert i note 31 i rekneskapen. Denne oversikta syner inntekter i millionar kroner totalt på kraft. Inntektene er på 74,3 millionar kroner. Det er høge inntekter på konsesjonskraft til tross for sikringstap.

Kraftinntektene består av konsesjonskraft, naturressursskatt, konsesjonsavgifter, eigedomsskatt og renter, avdrag og utbytte frå Skjåk Energi. Skjåk kommune betaler lån og renter på eigardel i Øvre Otta. Det er ikkje med i denne oversikta. Vi får og reduserte rammeoverføringar knytt til naturressursskatt.

Inntektene frå konsesjonskraft svingar kraftig frå under 3 millionar kroner i 2020 til over 29 millionar kroner i 2022. Det meste av nettoinntektene kom i september, oktober og desember. Sikring varierte svært mykje gjennom året, og tapet ble samla vel 5,7 millionar kroner.

Samandrag	Kons inntekt	Netto	Sikringstap
Januar	2 185 042	1 698 934	486 108
Februar	1 468 956	617 416	851 540
Mars	2 244 910	977 884	1 267 026
April	2 514 009	1 249 003	1 265 006
Mai	1 321 525	604 775	716 750
Juni	1 669 091	-419 620	2 088 711
Juli	674 526	-994 298	1 668 824
August	2 332 573	173 849	2 158 724
September	4 311 697	5 301 062	-989 365
Oktober	1 934 009	6 035 215	-4 101 206
November	3 038 645	1 555 969	1 482 676
Desember	11 470 457	12 654 497	-1 184 040
SUM	35 165 440	29 454 686	5 710 754

**Salspris på konsesjonskrafta er samla rekna til;**


Øre per kWh	
Brutto salspris	86,95
Kjøp og innmating	13,37
Netto salspris	73,58

Ved splitting på prisområde er netto salspris i prisområde 3 rekna til 36,53 øre per kWh og tilsvarande 177,78 øre i prisområde 1 og 5. Skjåk kommune ligg i prisområde 3.

## Skatteinngang

Oversikta syner skatteinngang dei siste 10 åra i millioner kroner.

### Skatt på inntekt og formue




Skjåk kommune har hatt svært god skatteinngang til tross for pandemien

## Rammeoverføringer

Oversikta syner rammeoverføringer dei siste 10 åra i millioner kroner.

### Rammeoverføringer



God skatteinngang reduserer ofte inntektsutjamning på rammeoverføringane. Det har vore god skatteinngang i landet som heilskap, og myndigheitene har bestemt at kommunane langt på veg får behalde inntektene for 2022. Dette inneber at Skjåk kommune kjem godt ut både på rammeoverføringer og skatt på inntekt og formue.

Følgjande er publisert frå Kommunal og distriktsdepartementet i Kommunalnytt nummer 1 /2023;


«Nye tal viser at kommunane fekk ein ekstra skattevekst på nær 35 milliardar kroner i 2022 utover det som var anslege i saldert budsjett for 2022. Av dette får kommunane behalde rundt 23 milliardar kroner.

Meirskatteveksten i 2022 skyldast at kommunane har hatt store uventa forskot- og restskattar som følgje av høge kapitalinntekter i 2021. I tillegg har det blitt fleire sysselsette og høgare personinntekter. Kommunane disponerer midlane fritt. For mange kommunar vil ein stor del av dei ekstra skatteinntektene gå med til å dekke opp for ein høg kostnadsvekst.»

## Lønsutgifter

Lønsutgiftene, ekskludert sosiale kostnader, kurs og kostgodtgjersle blei 140,1 millionar kroner, som er 5,8 millionar kroner over budsjett. Det er størst meirforbruk på skule, institusjon, funksjonshemma i heimen og flyktingar. Noko av kostnadane skyldast pandemi, spesielt på institusjon og helsetenester. Meirforbruk er og knytt til refusjonar og øyremerka tilskot.

Lønskostnadene fordeler seg slik i 2022, ekskludert pensjon, kurs og kostgodtgjersle.



- Komunedir./stab 5%
- Barnehagar 10%
- Skule, kulturskule 20%
- Institusjon 24%
- Heimeteneste 12%
- Helsetenester 6%
- Teknisk 9%
- Andre 14%

Andre er kultur, kommunalsjefane sine område, flyktingar, NAV, og næring. Kjøp av tenester frå andre kommunar er ikkje med i oversikta, da dette er refusjonspostar.

## Pandemi

Bokførte kostnader i 2022 per ansvarsområde.

Ansvarsområde	Rekneskap 2022
200 Oppvekst og utdanning	301
211 Dønfoss barnehage	16 409
213 Bismo barnehage	8 258
220 Skjåk barne og ungdomskule	66 307
310 Institusjon og heimesjukepleie	1 487 135
320 Heimetenester til funksjonshemma	156 604
330 Helsestasjon	15 060
350 Helsetenester	270 375
430 Teknisk drift	25 847
<b>TOTALT</b>	<b>2 046 296</b>


Skjåk kommune har fått pandemimidlar via rammeoverføringar og skjønnskot.

## Finanspostar

### Utvikling gjeld

Oversikta syner utvikling i gjeld til finansinstitusjonar, ekskludert pensjonsforpliktingar i millionar kroner.

### Utvikling gjeld



Gjelda har vore relativt stabil dei siste 6 åra. Utvikling i gjeldgrad er omtala i eige punkt.

## Brutto lånegjeld

	2022	2021	2020	2019	2018
Brutto driftsinntekter	310 238 994	275 840 783	254 483 692	257 887 157	236 971 683
<b>Brutto lånegjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar</b>	<b>254 306 811</b>	<b>258 936 491</b>	<b>252 604 508</b>	<b>260 560 348</b>	<b>266 078 871</b>
Utlån startlån, sosiale lån m.m.	13 436 083	13 415 740	12 687 123	13 976 619	14 956 024
Utlån til Skjåk energi	87 000 000	89 000 000	91 000 000	93 000 000	98 224 805
Ubrukte lånemidlar	24 145 524	21 165 866	6 433 771	9 447 457	19 795 938
<b>Netto lånegjeld</b>	<b>129 725 204</b>	<b>135 354 884</b>	<b>142 483 614</b>	<b>144 136 273</b>	<b>133 102 104</b>
Antall innbyggjarar	2 147	2 151	2 183	2 197	2 204
Brutto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	82,0 %	93,9 %	99,3 %	101,0 %	112,3 %
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	41,8 %	49,1 %	56,0 %	55,9 %	56,2 %
Brutto lånegjeld per innbyggjar	118 448	120 380	115 714	118 598	120 725
Netto lånegjeld per innbyggjar	60 422	62 926	65 270	65 606	60 391

## Finansforvaltning

Kommunen si finansforvaltning er i samsvar med reglement, forskrifter og lover. Kommunen sine likvide midlar er stort sett plassert i bank med låg risiko. Tilgang av aksjar og andelar har vore handsama særskilt i kommunestyret. Alle innlån blir vedteke av kommunestyret. Renta på alle lån er flytande, som inneber renterisiko ved stigande rente. Ei eventuell binding av renta vil medføre at ein må betale sikringskostnad for dette.



### Handlingsreglar

#### Netto driftsresultat korrigert for premieavvik


Det langsiktige budsjettmålet er 3 %. Netto driftsresultat korrigert for premieavvik vart svært godt, fortrinnsvis på grunn av meirinntekter på konsesjonskraft. I tillegg var det og positivt resultat på blant anna netto finansresultat, rammeoverføringar og skatteinntekter.

Resultatet har vore høgt dei fire siste åra, men delvis av ulike årsaker.


#### Gjeld i prosent av driftsinntekter

Gjeldgraden har gått ned, fordi omsetnaden har auka mykje, samtidig som gjelda har gått litt ned i 2022. Frå 2022 fører kommunen brutto konsesjonskraft i rekneskapen, medan vi tidlegare har fått overført netto inntekter frå Skjåk Energi. Bruttoføring aukar omsetnaden i høve til nettoføring.

Netto dr. res. korr for premieavvik i % av omsetnad



Gjeld i høve til omsetnad




### Likviditetsreserve

Skjåk kommune har ei høg likviditetsreserve. Målet er 8,33 % av utgiftene, som no utgjer vel 24 millionar kroner etter omsetnaden.

Likviditetsreserven er vel 20,5 millionar kroner. Differansen mellom faktisk likviditetsreserve og mål er litt over 3,5 millionar kroner.

### Likviditetsreserve i høve utgifter mål 8,33%



### Balansepostar

#### Hovudoversikt

Økonomiske oversikter	Rekneskap	Budsjett	Bevegelse
Oversikt – balanse	2022	2021	
<b>EIENDELER</b>			
A. Anleggsmidler	893 138 121	877 151 038	15 987 083
B. Omløpsmidlar	184 102 499	164 754 840	19 347 658
Sum eiendeler	1 077 240 620	1 041 905 878	35 334 742
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
C. Eigenkapital	434 400 108	409 388 956	25 011 152
D. Langsiktig gjeld	613 790 223	603 264 212	10 526 011
E. Kortsiktig gjeld	29 050 289	29 252 710	-202 421
Sum eigenkapital og gjeld	1 077 240 620	1 041 905 878	35 334 742

Aktiva og eigenkapital har auka siste året. Når det gjeld langsiktig gjeld så er det pensjonsforpliktingane som har auka.

**Fond**

	31.12.2022	31.12.2021	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2018
<b>Sum fond totalt og likviditetsreserve totalt</b>	130 906 686	114 336 264	95 694 167	74 398 783	65 613 041
herav fondsmidler totalt	110 367 685	94 797 263	76 155 166	56 259 783	48 174 041
herav udisponert	51 627 653	28 492 921	28 328 906	13 817 157	11 993 214
herav disponert	58 740 032	66 304 342	47 826 261	42 442 626	36 180 827
herav likviditetsreserve	20 539 000	19 539 000	19 539 000	18 139 000	17 439 000
<b>Disposisjonsfond</b>	59 282 504	37 164 267	35 948 289	18 570 779	19 483 330
herav udisponert	36 713 709	16 650 564	13 256 900	337 529	774 391
herav disponert	11 629 795	10 574 703	12 752 389	8 294 250	8 769 939
herav likviditetsreserve	10 939 000	9 939 000	9 939 000	9 939 000	9 939 000
<b>Bunde driftsfond inkl. næringsfond</b>	43 421 992	49 408 265	38 568 015	39 844 470	31 724 384
herav udisponert næringsfond	8 412 935	8 230 169	8 151 953	8 151 953	7 443 945
herav disp. nærings- og bunde driftsfond	32 078 885	38 247 924	27 485 890	28 762 345	21 350 267
herav likviditetsres prinsippending motpost	2 930 172	2 930 172	2 930 172	2 930 172	2 930 172
<b>Ubunde investeringsfond</b>	29 154 950	28 419 147	21 833 278	17 676 814	15 816 408
herav udisponert	6 501 009	3 612 189	6 920 053	5 327 676	3 774 878
herav disponert	14 267 091	16 420 108	6 526 375	5 362 288	5 754 680
herav likviditetsreserve	8 386 850	8 386 850	8 386 850	6 986 850	6 286 850
<b>Bunde investeringsfond</b>	764 261	1 061 607	1 061 607	23 743	305 942
herav udisponert					
herav disponert	764 261	1 061 607	1 061 607	23 743	305 942
<b>Prinsippendingar</b>	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022
herav likviditetsreserve prinsippendingar	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022	-1 717 022

Fondsmidlane har auka, hovudsakleg på grunn av avsetting av overskot på disposisjonsfond. Det blir ei eiga sak om å omdisponere midlar i 2023. Det er viktig at det blir avsett midlar på ubunde investeringsfond, til å dekke mindre

investeringar framover. Grunnfond næringsfond er tilført litt midlar i 2022. Skjåk kommune har viktige buffers i form av kraftfond, likviditetsreserve og pensjonsreserve i KLP.

**Arbeidskapital**

Kortsiktig eigenkapital er sett saman slik;

Kortsiktig eigenkapital - arbeidskapital	2018	2019	2020	2021	2022
Omløpsmidler	122 465 033	131 103 361	134 663 488	164 754 840	184 102 499
Kortsiktig gjeld	-33 936 481	-36 105 535	-32 535 550	-29 252 710	-29 050 289
Ubrukte lånemidler	-19 795 938	-9 447 457	-6 433 771	-21 165 866	-24 145 524
<b>Arbeidskapital aktiva</b>	<b>68 732 613</b>	<b>85 550 369</b>	<b>95 694 167</b>	<b>114 336 264</b>	<b>130 906 685</b>
Likviditetsreserve	-17 439 000	-18 139 000	-19 539 000	-19 539 000	-20 539 000
Fondsmidler	-48 174 041	-56 283 914	-76 155 167	-94 797 264	-110 367 685
Rekneskapsmessig overskot/ underskot	-3 119 572	-11 127 454			
<b>Disponible midlar passiva</b>	<b>-68 732 613</b>	<b>-85 550 369</b>	<b>-95 694 167</b>	<b>-114 336 264</b>	<b>-130 906 685</b>

Overskot er avsett direkte på disposisjonsfond.

Langsiktig eigenkapital er sett saman slik:

Langsiktig eigenkapital - kapitalkonto	2018	2019	2020	2021	2022
Anleggsmidler	818 859 608	850 846 347	876 524 301	877 151 038	893 138 121
Gjeld	-616 269 753	-624 981 602	-599 171 457	-603 264 212	-613 790 223
Ubrukte lånemidler	19 795 938	9 447 457	6 433 771	21 165 866	24 145 524
<b>Eigenkapital - Kapitalkonto passiva</b>	<b>-222 385 794</b>	<b>-235 312 201</b>	<b>-283 786 615</b>	<b>-295 052 693</b>	<b>-303 493 423</b>

Pensjonsmidlar er inkludert i anleggsmidler og pensjonsforpliktingar er inkludert i gjeld.

## Investeringar

Oversikt syner bokførte kostnader per prosjekt i 2022 og året før.

INVESTERINGSUTGIFTER PER PROSJEKT	Rekneskapen 2021	Rekneskapen 2022
115 Regiondata	312 721	219 384
140 Bibliotek meir ope	600 024	0
228 Utsifting av gatelysarmatur	499 375	116 875
234 Industriområde infrastruktur	1 430 797	0
235 Industriområde tipp dønfoss	111 930	296 256
283 Kommunehuset cellekontor psm teknisk kultur	0	2 495 976
292 Dønfoss var	75 040	55 663
293 Uppnose nytt vassverk inkludert prosjektering	460 025	302 762
298 Bilpark	968 699	483 684
410 Skei tomteområde	107 855	319 460
411 Sentrumsplan bismo	563 976	878 605
416 Bismo vassverk m/ledningsnett	440 799	3 738 497
420 Skjåkhallen	1 227 353	3 269 466
422 Komposteringsanlegg tundramo	0	70 748
430 Dønfoss barnehage - ombygging	4 002 000	0
433 Bismo renseanlegg inkludert septikmottak	0	0
450 Bustader 3 stk (sal inntil 7 stk)	186 099	5 385 056
452 Marlo skule	32 500	0
461 Grotli hytteområde	40 005	141 181
518 Pleie og omsorg velferdsteknologi	0	0
601 Lån og avdrag	3 805 375	3 556 434
615 Eigenkapitalinnskot klp	619 795	658 717
850 Flom	0	456 699
<b>Totalt</b>	<b>15 484 368</b>	<b>22 445 463</b>

Kostnader og finansiering er stilt opp detaljert i rekneskapen per prosjekt. Overførte løyvingar til neste år går fram av note 14 i rekneskapen.

Resultat av anbod blir klart tidleg i 2023 på Skjåkhallen og flaumsikring. Bygging av bustadar blir ferdig neste år. Det er fleire prosjekt innanfor VAR området som pågår.

# 05 Organisasjonen

## Organisasjonen

I dette kapitlet er personalgruppa, sjukefråvær, arbeidsforhold, likestillings- og diskrimineringsarbeid, etisk standard og internkontroll tema. Skjåk kommune skal vere ein effektiv organisasjon som har tilsette med høg kompetanse, og eit arbeidsmiljø som stimulerer til kreativitet, fagleg og personleg utvikling og trivsel. For å få til ein god organisasjon er det naudsynt med ei tett oppfølging av leiarane i kommunen, og å ha eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Kommunedirektøren har jamlege møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod. Partane i kommunal sektor er samde om at eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og dei tilsette og deira organisasjonar er ein føresetnad for å kunne gje tenester av høg kvalitet og å skape trygge arbeidsplassar prega av eit godt arbeidsmiljø og meningsfylt arbeid. I Skjåk kommune er det ei målsetting å ha ein god og open dialog mellom arbeidsgjevar og dei tillitsvalde/verneombod.

Under pandemien var det fleire tilsette som i lengre periodar jobba på heimekontor. Dette gjekk i det store og heile greitt, og vi gjorde oss mange nyttige erfaringar vi dreg nytte av i etterkant. Vi ser at det i ein del tilfelle er langt mindre ressurskrevjande å gjennomføre møte digitalt, og dette kan spare oss for både tid og pengar. Det likevel viktig å ha den daglege kontakten med kvarandre, for saman skape eit godt arbeidsmiljø, ha god informasjonsflyt og halde kontakt i ein travel kvardag.

## Tilsette

Ansvar	Menn	Kvinner	I alt
100 Kommunedirektør	1	0	1
103 Personal og organisasjonsutvikling	0	5	5
104 Økonomi	1	3	4
200 Oppvekst og utdanning	4	7	11
201 Flyktningar	0	3	3
211 Dønfoss barnehage	0	8	8
213 Bismo barnehage/ holemork barnehage	0	22	22
220 Skjåk barne og ungdomskule	2	38	42
240 Kulturskule	4	7	11
300 Helse og omsorg	1	5	5
310 Institusjon og heimesjukepleie	1	58	59
320 Heimetenester til funksjonshemma	5	23	28
330 Helsestasjon	0	5	5
331 Nav	3	2	5
350 Helsetenester	2	6	8
400 Miljø og samfunnsutvikling	3	0	3
410 Kultur	0	1	1
420 Teknisk var	3	0	3
430 Teknisk drift	12	14	26
450 Landbruk og næring	2	4	6
<b>Totalt</b>	<b>45</b>	<b>211</b>	<b>256</b>

## Personalet

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2022 totalt 208 årsverk, dette er fordelt på 256 tilsette, 211 kvinner og 45 menn. Dette er to årsverk mindre enn i 2021.

Kommunen har eit ynskje om å vere i takt med samfunnet når det gjeld samansetning av dei tilsette, og skal i størst mogleg grad avspegle mangfaldet i befolkninga. Ein kan likevel sjå ei skeiv kjønnsfordeling i fleire sektorar. Skjåk kommune har få tilsette menn, innan pleie- og omsorg, skule, barnehage og støttefunksjonar. Teknisk er også eit område der kommunen har tradisjonell kjønnsfordeling, sjølv om det kan sjå annleis ut på statistikken. Alle vaktmeistrane våre er menn, og fleirtalet av dei faste tilsette reinhaldarane våre er kvinner.

Skjåk kommune har stabil arbeidskraft, og innan dei fleste tenesteområde er det lite utskifting av tilsette. Tiltak for å få ei jamnare kjønnsfordeling er difor mest aktuelt ved nytilsettingar. I tilsettingssaker har kommunen fokus på det som går fram i likestillings- og diskrimineringslova om adgang til positiv særbehandling som tiltak for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Positiv særbehandling ved tilsetting er berre tillate dersom den som særbehandlast har tilnærma like kvalifikasjonar som den som elles ville fått stillinga.

Skjåk kommune har mange tilsette med høgskule- og fagskuleutdanning, og vi ser at vi dei siste åra har fått fleire tilsette med master enn det var berre for få år attende. Den gruppa vi har færrest i, er ufaglærde.

I Skjåk kommune var det ved utgangen av 2022 totalt **208 årsverk**, fordelt på **256 tilsette**.

**45 menn**

**211 kvinner**

Det tyder på at det er høg kompetanse blant dei tilsette.

Kommunen har eige kompetanseutval. Utvalet fattar enkeltvedtak om økonomisk støtte til utdanning. Det er to søknadsfristar i året. I tillegg til kommunen sitt kompetanseutval er det ulike støtteordningar for andre utdanningsløp.

Vi hadde fire lærlingar ved utgangen av 2022, desse er fordelt på tre ulike fag og alle er kvinner. Det har vore ein nedgang i talet på læreplassar frå året før, og vi ser at det dei siste åra har vorte færre søkjarar til læreplassar i kommunen.

Den daglege kontakten med kvarandre ute på tenesteområda er viktig for saman å skape eit godt arbeidsmiljø. Det er og viktig å ha fokus på ulike trivselstiltak utanom arbeidsdagen, dette vil vere med å medverke til arbeidsglede og jobbengasjement. Dei tilsette er vår viktigaste ressurs, og det har vore viktig å gjere grep for å vise at vi verdset innsatsen dei tilsette har lagt ned gjennom året.

I oktober 2022 hadde vi ei markering av tilsette som har vore tilsett i 25 år. På

denne markeringa fekk 11 tilsette gåvekort og helsing frå ordførar for lang og tru teneste i kommunen.

### Arbeidstid

Av 256 tilsette, er det 152 tilsette som arbeider deltid. I oversikta under er faste tilsette og vikarar som er tilsett i ein bestemt stillingsstorleik medrekna. Vikarar på timebasis er ikkje medrekna her.

Det er framleis mange tilsette i Skjåk kommune som arbeider deltid, men kommunen arbeider aktivt for å redusere bruk av uynskt deltid for tilsette i heile kommunen. Samstundes som vi arbeider aktivt for at tilsette skal få arbeide i større stilling, ser vi mange, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i reduserte stillingar. Ein del av dei som jobbar deltid gjer dette av helsemessige grunnar. Fleirtalet av dei som jobbar deltid jobbar over 60 % stilling. Vi har tenesteområde, som i kulturskulen, der fleirtalet av dei tilsette arbeider deltid. I kultur- skulen er det ei breidde i tilbod som krev ulik kompetanse, dette gjer det utfordrande å ha fleire heiltidsstillingar.

### Gjennomsnittleg stillingsstorleik

	2018	2019	2020	2021	2022
Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner	77,2 %	80,3 %	82,0 %	80,0 %	87,2 %
Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn	79,6 %	81,8 %	82,0 %	84,0 %	79,8 %

## Sjukefråvær

2018	2019	2020	2021	2022
6,2 %	6,1 %	10,2 %	8,7 %	9,3 %

### Sjukefråvær

Skjåk kommune hadde eit stabilt og lågt sjukefråvær i åra før pandemien. I 2020 fekk vi ei kraftig auke i fråværet opp til 10,2 %. Vi hadde ein nedgang i fråværet i 2021, men ei ny auke att i 2022. Gjennom året har det vore tiltak på både på system- og individnivå, og vi ser at fråværet har gått ned gjennom året. Fråværet låg høgare i starten av året, og det var mykje koronarelatert fråvær frå starten av året i 2022.

Kommunen har ein eigen plan for tenester frå bedriftshelsetenesta. Gjennom tiltak vi har jobba med som IA-kommune over fleire år er målsettinga å vere ein meir inkluderande arbeidsplass der overordna mål er å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet. Leiarane er viktige både i førebygging og oppfølging av sjukmeldte. Sjukefråvær er fast tema på møte i arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråværsarbeid og nærværsarbeid er og tema på møte og ulike opplegg med leiarar, tillitsvalde og verneombod gjennom året.

### Likestillings- og diskrimineringsarbeid og etisk standard

Skjåk kommune arbeider aktivt for å fremje likestilling. Som arbeidsgjevar er det viktig å ha fokus på å hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Personalhandboka for Skjåk kommune har eit eige kapittel om livsfasetiltak. I den årlege medarbeidersamtala mellom tenesteleiar og tilsett skal det drøftast livsfaserelaterte problemstillingar. Tenesteleiar og den enkelte tilsette finn i fellesskap ut kva som kan/bør gjerast for at arbeidssituasjonen blir god. Det går fram at arbeidsgjevar skal ha eit spesielt fokus på oppfølging av gravide og eldre tilsette. Skjåk kommune er ein arbeidsgjevar som legg vekt på at det skal vere mogleg å kombinere arbeid og familieliv. Tiltak kan vere knytt til tilrettelegging av arbeidstid, bruk av heimekontor og andre løysingar leiar og tilsett saman kjem fram til.

Skjåk kommune skal ha ei tillitskapande forvaltning med høg etisk standard, og kommunen har eigne etiske retningslinjer. Retningslinjene er underskrive av ordførar, kommundirektør og hovudverneombod, og skal bidra til ei bevisstgjerung av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre haldningar og handlingar påverkar den tilliten som innbyggjarane har til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Dette er også moment som vert vektlagt i rekrutteringssamanheng gjennom intervju og tilsetting. Det går fram i retningslinjene at Skjåk kommune tek aktivt avstand frå diskriminering, mobbing og trakassering. Retningslinjene har som mål å vere ei rettesnor for etisk framferd, og samstundes skape refleksjon hjå den enkelte.

Det går fram av dei etiske retningslinjene at vi viser respekt for alle menneske, vi brukar fag- kunnskap og skjønn i arbeidet vårt og behandlar alle likeverdige.

Kommunen har og eige retningslinjer

som skal bidra til førebygging og sikre god handtering av vald og truslar mot tilsette.

### Internkontroll

Skjåk kommune arbeider kontinuerleg med kvalitetsarbeid og internkontroll. Internkontroll er komplekst og inkluderer nesten alt som går føre seg i ei kommune. Det følgjer av kommunelova at kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert fylgt. Det går fram av lova at kommundirektøren er ansvarleg for internkontrollen.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemda, eigenart, aktivitetar og risiko- forhold.

Skjåk kommune nyttar verktøyet Compilo (kvalitets- og avvikssystem) i arbeidet. Arbeid med internkontroll er eit område vi har hatt auka fokus på i 2021 og 2022, og det har vore arbeidd med dokumentasjon av rutinar og prosedyrar, samt få tilsette til å melde frå om uynskte hendingar i større grad enn vi har hatt. Dette har og vore fokus på opplæring av leiarar og tilsette.

# 06 Tenesteområde Oppvekst og utdanning



## Tenesteområde

### Oppvekst og utdanning

Oppvekst og utdanning omfattar barnehagane, Skjåk barne- og ungdomsskule, Lom og Skjåk kulturskule, Skjåk folkebibliotek, It-samarbeidet Lom og Skjåk, Flyktningtenesta med vaksenopplæringa og servicetorget. I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.

## Fokusområde 2022:

- Regional kompetansesatsing
- Desentralisert kompetansesatsing
- Fagfornyng
- Digitale ferdigheiter (IKT) i skulen
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Biblioteket som møteplass for alle, barn og unge og formidling
- Meirope bibliotek
- Saks- og arkivsystem
- Streaming
- Datasikkerheit

## Kommentarar til resultat frå

### kommunalsjef oppvekst og utdanning

2022 er prega av krigen i Ukraina på mange måtar. Frå å vere i ferd med å bygge ned og avvikle flyktningarbeidet eller busettingsarbeidet i kommunen, til å skulle legge til rette for mottak av 15-25 flyktningar i 2022, var ei stor omstilling. Kommunen har løyst utfordringa i 2022 takka vere ein ekstraordinær innsats frå fyrst og fremst flyktningmedarbeidar, men også bidrag frå fleire tenesteområde. Mange over heile landet engasjerte seg og ynskte å bidra med å hjelpe. Ikkje minst er det verd å nemne innflyttarar i Skjåk frå både Ukraina og landa rundt som stilte opp for å hjelpe til. Vi hadde mellom anna fleire som deltok som tolkar. Fleire innbyggjarar meldte frå om at dei hadde hus som kunne nyttast til bustadar for flyktningar. I tillegg til flyktningssituasjonen og utfordringar knytt til den, har situasjonen i Europa skapt stort fokus på sikkerheit, ikkje minst på datasystem og arbeid for å sikre oss mot angrep mot IT-systema våre. Dette har vore eit omfattande arbeid lokalt, men fyrst og fremst regionalt i RegionData.

Eldre utstyr har blitt skifta ut og oppdatert for å betre sikre oss mot angrep frå interesser som ynskjer å få tilgang. IT-samarbeidet vart styrka med eit årsverk i 2022. Dette har auka kapasitet. Samtidig har vi ikkje lenger same tilgang på lærlingar innanfor IT. Normalt skulle vi hatt to lærlingplassar i tenesta. Etter at dette tilbodet er borte i Gudbrandsdalen, får vi ikkje lenger søkarar til desse læreplassane.

## Sjukefråvær

Sjukefråvær ansvar 200 – 299 er på 8,9 % samla. Av dette er stuttidsfråvær 1-16 dagar på 2,1 %, og eigenmeldt fråvær på 1,7 %.

## Sjukefråvær oppvekst og utdanning

2018	2019	2020	2021	2022
3,80 %	6,40 %	8,20 %	6,80 %	8,90 %

Tenesteområda har endra seg i perioden og tala før 2019 er ikkje samaliknbare.



**Økonomi**

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik	Rekneskap 2021
200 Oppvekst og utdanning	17 671 856	16 213 000	1 458 856	15 880 384
201 Flyktninger	2 152 079	1 175 000	977 079	1 497 440
211 Dønness barnehage	4 471 366	4 288 000	183 366	4 120 044
212 Holemork barnehage	0	0	0	2 689 203
213 Bismo barnehage	9 426 208	8 295 000	1 131 208	5 826 700
220 Skjåk barne- og ungdomsskule	25 172 600	23 638 000	1 534 600	24 419 047
240 Kulturskule	1 722 566	1 816 000	-93 434	1 817 293
<b>TOTAL</b>	<b>60 616 674</b>	<b>55 425 000</b>	<b>5 191 674</b>	<b>56 250 111</b>

**Økonomi**

Oppvekst og utdanningssektoren har eit samla overforbruk på kr 5 191 674. Auke i sosiale utgifter utgjør kr 2 229 103. Det betyr eit reelt meirforbruk på kr 2 962 571 i forhold til budsjett 2022. Hovudsakleg kjem dette frå meirforbruk av løn og i auka refusjonar til gjesteelevar frå Skjåk i andre kommunar. Det største meirforbruket på løn er på skulen.

Meirforbruket på skulen blir forklart med ekstra tiltak som har vore gjennomført i skulemiljøet og stort korttidsfråvær. Korttidsfråvær kjem både på grunn av sjukdom og at skulen har hatt mange på vidareutdanning.

Svømmeundervisninga vart utvida i 2022 ut over det som var budsjettet, på grunn av planlagt stenging av svømmehallen. I tillegg er det gjort investeringar på skulen som har hatt større kostnader enn det som er budsjettet. Det er investert i nye symaskiner i kunst og handverk, i tillegg til iPad for ungdomssteget.

Skulen har, på fleire måtar, redusert bruk av vikarar der det har vore mogeleg. Auka lønskostnader i Bismo barnehage har i hovudsak samanheng med auke i sosiale kostnader i 2022. I tillegg til auke i fleire postar.

Alt i tertialrapportering har skulen signalisert at dei brukar meir i løn enn budsjettet. Dette har skulen prøvd å dekke inn ved å spare på andre postar. Skulen har ikkje sett inn vikar ved fråvær der det har vore forsvarleg å la vere. Ved to-lærar-system har skulen slått saman grupper. Småskulesteget har vore prioritert i slik samanheng.

Skulen har ikkje sett inn vikar ved sjukmelding i leiing. Dette gjeld både rektor og assisterande rektor. Skulen har kjøpt lite skulebøker og anna pedagogisk materiell. Det er prioritert innkjøp av symaskiner i kunst og handverk og iPad til ungdomssteget.

**Barnehage**

Felles visjon for barnehagane i Skjåk; «Sjå ljost på livet»  
Vi vil at humor, glede og positiv tenking skal prege kvardagen i barnehagen vår. Å kunne gle seg og le saman med barna er viktig. Vi ynskjer å gjere barn og vaksne løysingsorienterte gjennom positiv tenking.


Tabellen viser alderssamansetting og samla plassar i barnehagane i Skjåk frå 2016 og fram til desember 2022.

Barnehagane er bemanna i samsvar med nasjonale bemanningsnormer med 6 barn pr. vaksen og ein pedagog pr. 14. plass. Både i Dønness og Bismo (inkludert avdelinga i Holemork) har fulle avdelingar. Barnhagane viser stor fleksibilitet for å ta inn nye ungar når det er aktuelt. Ikkje minst gjeld det å legge til rette for barnehageplass for nyleg busette flyktningar.

**Talet på born ved utgangen av kvart år:**

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Dønness naturbarnehage	22	20	27	27	21	25	23
Bismo barnehage	23	27	33	33	34	62	61
Holemork barnehage	22	24	26	26	18	-	-

Kjelde: SSB


**Barn pr. årsverk**

Kjelde: Udir

	Eining	Skjåk 2022	Kostragruppe 05 2022	Landet uten Oslo 2022
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år	prosent	91,9	84,8	87,8
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år	prosent	94,4	92,4	93,6
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år	prosent	96,2	97,0	97,3
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager	antall	5,6	5,2	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	prosent	40,5	40,5	42,1
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp	prosent	7,1	3,4	4,1
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år	prosent	:	85,5	84,5
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	kr	91,1	89,0	89,0
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager	kr	80,2	75,3	69,7

Kjelde: SSB

### Barn pr. barnehagelærer




Kjelde: Udir

### Foreldreundersøking i barnehagen 2022

Resultata frå foreldreundersøkinga er gode, samanlikna med andre kommunar. Barnehagane ligg på eller over snitt for landet og Innlandet på målepunkta i undersøkinga.

Utval	År	Besvarte/Inviterte	Tilfredsheit Skala 1-5, der 5 er best
Bismo barnehage	2022	54/61 (88,52 %)	4,6
Dønfoss naturbarnehage	2022	18/23 (78,3 %)	4,8
Innlandet	2022	60,9 %	4,6
Heile landet	2022	63,3 %	4,65

### Foreldreundersøking 2022



Kjelde: Udir

## Skulen

Skulen har vore igjennom ein periode med store omveltingar sidan Skjåk barne- og ungdomsskule vart opna. Talet på årsverk i personalet er redusert. Elevtalet ved GSI-rapporteringa hausten 2022 var 193 elevar. Dei siste åra har det vore satsa på digital kompetanse og bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet. Det er innført ny læreplan i alle klassar. Skulen har gjennomført store løft i «Kompetanse for kvalitet» og i Desentralisert kompetansestrategi (DEKOMP). I tillegg har skulen delteke i den nasjonale satsinga på Inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Det er krevjande å delta i såpass mange satsingar og utviklingsarbeid på same tid. Personell må frigjerast i periodar for å delta på samlingar. Satsingane skal følgjast opp i fellesskapet på skulen, og i det daglege arbeidet. Kjem ikkje satsinga, og nyvunnen kompetanse elevane til gode, er det i verste fall bortkasta ressursbruk.

Statistikken viser at skulen har jamt over gode sluttresultat frå grunnskulen. Utfordringa er som tidlegare begynnaropplæringa eller dei fyrste åra. Resultata frå nasjonale prøver i 5. klasse er ikkje gode nok.

Det har vore satsa betydeleg på elevmiljøet, og ein ser at systematisk arbeid verkar der det trengst. Det er grunn til å rose alle tenestene som bidreg i arbeidet med å gjere elevmiljøet tryggare for alle. Ein del av dei utfordringar som kan oppstå i eit skulemiljø krev at ein klarar å

bygge eit godt «lag» rundt eleven/elevane for å sikre at dei har det trygt og godt.

### Svømmeopplæringa i skulen

For å innfri kompetansemål i ny læreplan, har det vore brukt noko ekstra ressursar på svømmeopplæring. I og med at svømmehallen skulle stengjast, intensiverte skulen opplæringa i hausthalvåret.

### Vaksenopplæringa/ Flyktingtenesta

#### Kommuneplanen: «Skjåk skal ha:

God integrering av flyktingane, med gode bustadar, tilpassa opplæring og tilfredsstillande barnepass.»

Frå 2010 har Skjåk kommune busett omlag 80 vaksne og barn frå Eritrea, Sudan, Somalia, Kongo og Etiopia. I 2022 er det komne 18 flyktingar frå Ukraina.

Flyktingtenesta er samordna med vaksenopplæringa, og tenesta er ansvarleg for deltakarane sine introduksjonsprogram. Dette skal gi kvalifisering av den einskilde til vidare utdanning eller arbeid. Flyktingtenesta og vaksenopplæringa tilbyr fyrst og fremst bistand til flyktingbusette, men hjelper også andre innvandrarhusette med søknadsprosedyrar kring opphaldsløyve, søknadar om familieinnvandring og utskrivning av prøvebevis frå norskprøver, samfunnsfagsprøver og statsborgarprøver, m.m.

Tenesta er underlagt Kommunalsjef

## Skulen

Indikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Talet på elevar	254	248	231	215	202	203	193	193
Talet på skular	3	3	3	1	1	1	1	1
Talet på lærarar med kontaktfunksjon	22	21	20	18	18	17	18	18
Talet på lærarar	41	41	39	34	32	35	35	33

Kjelde: Udir

## Resultat, grunnskulepoeng:

Indikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Skjåk kommune skuleeigar	40,9	44,2	41,2	40,8	42,8	43,5	43,4
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Innlandet fylke					42,8	42,9	42,9
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1	43,3	43,4

Kjelde: Udir

Tabellen viser slutt-resultat (gjennomsnitt) frå 10. klasse i Skjåk, samanlikna med fylket og landet.

## Skulemiljøet – elevundesøkinga (hausten 2022)

	Skjåk barne- og ungdomsskule	Innlandet	Nasjonalt
Trivsel	3,7	4,1	4,1
Støtte frå lærarane	4,0	4,3	4,3
Støtte frå heimen	4,0	4,1	4,2
Vurdering for læring	3,8	3,7	3,7
Læringskultur	3,5	3,8	3,8
Meistring	3,9	3,9	3,9
Motivasjon	3,5	3,6	3,5
Elevdemokrati og medverknad	3,8	3,7	3,6
Felles reglar	4,0	4,2	4,2
Faglege utfordringar	3,4	3,9	3,9
Mobbing	*	10,6 %	9,9 %

Tabellen viser resultat frå Skjåk samanlikna med fylket og nasjonale resultat frå undersøkinga gjennomført hausten 2022.

(Tala er på skala frå 1-5, der 5 er høgast)

Kjelde: Udir

Oppvekst og utdanning, og har lokalitet i Skjåk Energibyggjet.

Vaksenopplæringa er ei kommunal teneste som tilbyr Norsk- og samfunnsfagsopplæring til alle busette med innvandrarbakgrunn, etter Læreplan for språklege minoritetar som har rett og/eller plikt til opplæring i følge Integreringsmyndigheitene.

Tenesta er felles for Skjåk og Lom kommunar. I tillegg er det gjeve grunnskuleopplæring for dei som ikkje har godkjent/fullført grunnskuleopplæring frå før.

Vaksenopplæringa i Skjåk har sidan august 2020 hatt 2 tilsette i 2 årsverk. Gjennom 2022 har bemanninga stadig vore styrka på grunn av auka busetting i både Lom og Skjåk.

Elevtalet i vaksenopplæringa har utvikla seg gjennom året. Ved utgangen av 2022 var det vel 30 elevar.

### Biblioteket

I 2022 hadde biblioteket eit rekordår når det gjeld besøk. Biblioteket hadde heile 11 822 besøk - ei auke på 19 % frå året før. Det vart gjennomført 20 arrangement der det kom til saman 823 personar. Arrangementa trekkjer mange til biblioteket.

Biblioteket har m.a. hatt fleire forfattarbesøk, konsertar, teaterframsyningar og leselystaksjonar for både barn og vaksne. Døme på arrangement er: Forfattar Magnus Takvam, konsert med Aslak Brimi m/band, kokebokutstilling (gamle kokebøker frå Skjåk i samarbeid med Bygdekvinnelaget), forfattar Stein Versto, markering av Verdsdagen for psykisk helse – eit arrangement for ungdom og vaksne med foredrag, konsert og servering.

### Meiroke bibliotek

Torsdag 17. mars 2022 var det offisiell opning av meiroke bibliotek. At biblioteket er meiroke vil seie at ein kan bruke biblioteket også utanom bemanna opningstid. Om lag 150 personar har ordna seg med tilgang i løpet av året.

### Vaksenopplæringa (VO) 2022

Årsverk til saman i vaksenopplæringa 2022	3,3*
Språkopplæring etter Introduksjons-/Integrasjonslova	1,3
Grunnskule for vaksne	2
Leiing	0,2

\* tal årsverk auka gjennom året ettersom tal på busette auka.

### Frøbibliotek

I mars 2022 vart Frøbiblioteket opna. Det er eit tilbod til alle hobbygartnarar. Her kan ein låne frø om våren, når hausten "endeleg" kjem kan ein sanke frø frå plantene ein har dyrka. Om ein vil, kan ein levere frø attende til biblioteket slik at andre kan låne dei året etter. Prinsippet er Lån-Dyrk-Sank-Levér. Målet med Frøbiblioteket er at store og små i Skjåk skal få auka kunnskap og glede av å sjå noko spire og gro. Dette vart populært, og det vart delt ut 300 posar med frø.



Foto: Skjåk folkebibliotek

### Utlån og besøk

Utlånet av skjønnlitteratur er stabilt. Biblioteket har ein liten nedgang i utlånet til barn, medan det er ei auke i utlånet til vaksne.

Samla utlån av fysiske bøker og e-bøker, har ei auke frå 2021 til 2022 på 7,36 %.

Utlånet av e-bøker og e-lydbøker har auka blant både barn og vaksne. Bibliotekappen "Bookbites" er populær, her finn ein både e-bøker og e-lydbøker.

Det er nokre fleire aktive lånarar i 2022 samanlikna med 2021.

### Leselystaksjonar

Biblioteka i Nord-Gudbrandsdalen har samarbeidd om leselystaksjonar for både ungar og vaksne i fleire år.

Leseaksjonen for ungar frå 1. til 7. klasse, «Sommarles», har blitt ein nasjonal leseaksjon som går føre seg i sommarferien til skulane. Alle elevane var innom biblioteket og fekk informasjon og oppmuntring til å bli med på Sommarles. 96 ungar var med i 2022.

Vinterles er ein kampanje for vaksne, her var 60 personar med.

I 2022 hadde vi bokpresentasjon for alle elevane i 1.-7. klasse. Vi inviterte elevane klassevis til biblioteket.

### Tilsette og ressursar

Stillingsressursane på biblioteket er uendra.

### Kulturskulen

Kulturskulen har hatt mange eigne konsertar og oppdrag frå lag og organisasjonar i 2022.

Elevtala viser stabile elevtal med 185 elevplassar. (106 er frå Skjåk). Dette fordelar seg slik:

- Breiddetilbod 31
- Kjernetilbod 154
- Fordjuping 0
- Venteliste 29

Tidlegare har det vore utfordringar med lydforholda i nokre av kulturskulelokala i Lom. Her er no akustikktilhøve i bandrommet i Lom blitt utbetra. Men framleis er det lokale det er utfordringar med. I 2022 har kulturskulen hatt utfordringar med å skaffe vikarar. I periodar har det vore vanskeleg å erstatte tilsette i ulike permisjonar.

### Andre tenester

#### Felles Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Felles Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er administrert av Sel kommune som vertskommune. Tenesta er felles for dei 6 kommunane i Norddalen. Dei er sakkunnig instans i barnehage og grunnskule. Dei vurderer elevane sine behov for særskilt tilrettelagt undervisning. PPT leverer tilråding på omfang, innhald og organisering for dei elevane som elles ikkje vil å få eit likeverdige utbytte av undervisninga.

Foto: Lom & Skjåk kulturskule



### Elevplassar

	Elevplassar 2020/2021	Elevplassar 2021/2022	Elevplassar 2022/2023
Breiddetilbod	45	39	31
Kjernetilbod	185	157	154
Fordjuping	10	0	0



Foto: Skjåk kommune

Kommunen har selt tenester til fylkeskommunen knytt til elevar i vidaregåande skule med behov for særleg tilrettelegging.

#### *Servicetorg og arkiv*

Servicetorg og arkiv er knutepunktet i Skjåk kommune. I tillegg administrerer dei mellom anna kommunale innkjøp, utleige av kommunale bygningar samt møtebehandling for politiske råd og utval. I tillegg gjev servicetorget bistand til saksbehandling og saksførebuing. Servicetorget har og overteke ansvar for administrering og saksførebuing for skjenke- og serveringsløyve i 2022.

#### *IT-avdelinga*

IT-avdelinga er ei fellesteneste med Lom der Skjåk er vertskommune. Kommunen er med i det regionale samarbeidet gjennom RegionData.

IT-avdelinga vart styrka med eit årsverk i 2022. Samtidig har vi ikkje lukkast med å rekruttere ny lærling i 2022.

#### *Sikkerheit*

IT-sikkerheit er eit kontinuerleg viktig tema, ikkje minst etter hendingar siste året med krig i Europa og nettangrep på både private og offentlege instansar. RegionData-samarbeidet og den enkelte kommune jobbar stadig med tiltak som skal sikre våre løysingar, samt vår elektroniske informasjon og samhandling med omverda. I tillegg til å etablere samarbeid

med eksterne partar som hjelper oss med sikkerheitsevaluering, er det etablert ei intern regional sikkerheitsgruppe, samansett av representantar frå sentral driftsavdeling og lokal IT. Her drøftar ein gjeldande trusselbilete og sårbarheiter, med mål om å finne konkrete tiltak for det som gjeld vår eigen sikkerheit. Av opplagte grunnar kan ein ikkje gå djupt inn i detaljar på dette temaet.

*Regionalt og interkommunalt samarbeid*  
RegionData-samarbeidet fortset vidare og syrgjer for at kommunane finn felles løysingar og etablerer avtaler for felles innkjøp.

I løpet av året som gjekk har vi m.a. etablert ny leverandør for telefoni. Samtidig er det i gang ei vurdering av alternativ samarbeidsløysing for it-drift og digitaliseringsarbeidet for framtida. Fyrst og fremst med tanke på sikkerheit og effektivitet.

#### *Utvikling av IT-samarbeidet*

IT har ei sentralisert løysing for programvareoppdateringar av sluttbrukarar sine datamaskinar, virtuelle brukarmiljø i den regionale Citrix-løysinga og ei offensiv driftsavdeling som saman med lokale IT bidreg med heilskapleg vurdering av korleis IT-verktøy vert nytta ute i den enkelte kommune.


#### *Ungdomsklubben og Ungdomsrådet*

Ungdomsklubben er open annankvar fredagskveld. Klubben har stor oppslutning, med over 30 frammøtte dei fleste kveldane.

Ungdomsrådet hadde i 2022 sju møte. Dei har behandla saker som:

- Mottak av flyktningar 2022
- Renovering av Skjåkhallen
- Barne- og ungdomsarbeid i Skjåk
- Ungdomsklubben
- Innspel til Sentrumsplan
- Mobbing
- Kulturtilbod for ungdom
- Kantina på skulen

# 07 Tenesteområde Helse og omsorg



Helse og omsorg er organisert i 6 område. Skjåk kommune yter ein del av helse- og omsorgstenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle Norddalskommunane. Helse- og omsorgssektoren er den største sektoren i kommunen. I desember vart det vedteke ny Strategisk plan for helse- og omsorg 2022 – 2030.

## Økonomi

Skjåk kommune har ei auke i driftsutgifter til helse og omsorg per innbyggjar. Ved å samanlikne tala med KOSTRA-gruppe 5 blir det synleg at tenestene våre har eit kostnadsnivå som ligg litt under vår KOSTRA-gruppe. Dette er kommunar som er samanliknbare med Skjåk i demografi og inntekter/kostnader. Vi ligg noko høgare enn vår KOSTRA-gruppe på netto driftsutgifter til omsorgstenester og til kommunehelsetenesta.

Skjåk kommune har ein gradvis dreining i tenestene, og dette blir mellom anna synleggjort med andel innbyggjarar 80 år og eldre med institusjonsopphald. Den har blitt gradvis redusert og ligg nå på 12,3 %. Til samanlikning ligg KOSTRA-gruppe 5 på 11,8 %. I tillegg har vi 14 omsorgsleilegheiter, der

Helse- og omsorgssektoren er den største sektoren i kommunen, og har ei totalramme på kr 69 498 000 kroner i 2022, som er fordelt slik:

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik	Rekneskap 2021
Helse og omsorg	4 209 234	3 091 000	1 118 234	3 571 281
Institusjon og heimetenester	36 589 849	32 491 000	4 098 849	23 010 684
Heimetenester til funksjonshemma	15 096 032	13 363 000	1 733 032	25 214 963
Helsetasjon	2 229 655	2 667 000	-437 345	2 675 417
Nav	2 638 361	2 822 000	-183 639	2 307 836
Barnevern	3 742 607	3 274 000	468 607	2 564 859
Helsetenester	12 997 941	11 790 000	1 207 941	16 003 457
<b>TOTAL</b>	<b>77 503 679</b>	<b>69 498 000</b>	<b>8 005 679</b>	<b>75 348 498</b>

## Netto driftsutgifter til helse og omsorg, kroner per innbyggjar

Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	KOSTRA-gr 5	Landet utan Oslo
41587	46819	47583	48030	34500

## Andel netto driftsutgifter til helse og omsorg fordelt på følgande område, i prosent

	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	KOSTRA-gr 5	Landet utan Oslo
Andel omsorgstenester	36,0	38,8	41,9	39,3	34,6
Andel kommunehelsetenesta	6,8	10,1	7,8	7,2	6,3

heimesjukepleia kan yte avanserte helse- og omsorgstenester i heimane. Dette gjev oss eit handlingsrom til å yte helse- og omsorgstenester til våre heimebuande. Framtidas eldre har eit heilt anna forhold til kva tenester dei ønskjer, og dei ønskjer å få tenestene sine i heimen. Det er avgjerande for Skjåk kommune å leggje til grunn for korleis vi byggjer opp tenester i heimane til våre innbyggjarar. Utgiftene pr. opphaldsdøgn er noko høgare enn KOSTRA-gruppe 5, men omlag likt som landet utanfor Oslo.

### Lom og Skjåk tildelingskontor (TD)

Tildelingskontoret er plassert organisatorisk under kommunalsjef for helse og omsorg, og har som oppgåve:

- å fatte vedtak ut i frå Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- gje rettleiing til innbyggjarane/tenesteytarane i høve saksbehandling
- vere koordinerande eining i høve til pasientflyt
- oppfølging av ansvar med Individuell plan/ansvarsgrupper
- saksbehandle søknadar om parkeringsbevis/ledsagerbevis
- lage vedtak om eigenbetaling ved institusjon

TD har mynde til å avtale korttidsopphald ved Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter, Otta (NGLMS), og oppfølging av opphald der. TD er superbrukarar opp mot NetNordic sitt system for

trygghetsalarmer. TD er koordinerande eining i Lom og Skjåk kommunar. I 2021 har kontoret vore bemanna med to saksbehandlarar i 100 % stillingar, og ei saksbehandlar i 50 % stilling i det meste av året.

### Institusjon og heimesjukepleie

Institusjon og heimesjukepleie vart eit felles område frå 2021. Dette gjer at det blir eit enda tettare samarbeid mellom tenestene. Tenesteleiar for institusjon er nå tenesteleiar for institusjon og heimesjukepleie. Tenesteleiar har ei avdelingssjukepleiar for institusjonstenestene og ei avdelingsjukepleiar for heimesjukepleia. På bygget Skjåkheimen er det kjøkendrift, dagtilbod, langtidsopphald og korttidsopphald som blir gjeve som avlasting, rehabilitering eller behandlingsopphald. Heimesjukepleia og praktisk bistand har kontor tett på omsorgsbustadane på Skjåkheimen, og er knytt tett saman med institusjonen i samband med til dømes samarbeid mellom nattevakter og felles planlegging og gjennomføring av dagtilbod til heimebuande.

### Sjukeheimen

Sjukeheimsplassane, og omsorgsbustadane med høgare omsorgsnivå er lokalisert under same tak på Skjåkheimen. Det har vore tydeleg over fleire år at omsorgsbustadane har redusert behovet for sjukeheimsplassar. Denne framsynte organiseringa gjev oss eit ekstra verkøy i

## Skjåkheimen

	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	KOSTRA -gr 5	Landet utan Oslo
Andel innbyggjarar 80+ m institusjonsopphald (%)	15,3	12,5	12,3	11,8	10,4
Andel brukartilpassa einarom m eget bad/wc (%)	100	100	100	96,2	93,6
Utgifter pr. opphaldsdøgn institusjon (kr)	3 435	4 495	4 778	4 623	4 752
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim *(timar)	0,40	0,78	0,85	0,51	0,64
Andel private institusjonsplassar (prosent)	0,00	0,00	0,00	0,00	5,00

\*) Talet er ikkje inkludert legetimar på IM- og KAD-senger på NGLMS.

omsorgstrappa, og gjer at Skjåk kommune har eit fortrinn i å vri tenestetilbodet frå institusjon til heimebaserte tenester.

Det arbeidast for at institusjon og heimesjukepleie skal arbeide tettare saman, og eit resultat av planlegginga hittil er eit samarbeid om demensomsorga. Dagtilbodet for heimebuande med demens blir vidareutvikla. I tillegg vil dei i fellesskap utvikle vidare demensomsorga i kommunen som gjeld til dømes kartlegging og oppfølging.

Presset på sjukeheimsplassar er redusert som følgje av at terskelen for å få plass er blitt høgare. Dette er heilt i tråd med den nasjonale eldrereforma St.m.15 «Leve hele livet». Skjåk kommune har seld sjukeheimsplassar til andre kommunar ved ledig kapasitet. Som eit resultat av eit underbelegg og at sektoren skal dreie tenestene, vart talet sjukeheimsplassar redusert i 2021 til 24 plassar.

Institusjonen har eit svært godt omdømme i regionen, som ein god plass å vere. Dette speglar seg i dei gode attendemeldingane institusjonen mellom anna har fått frå pasientar frå andre kommunar. Skjåkheimen har

opplevd å få fagleg anerkjenning ved at dei yter avansert sjukepleie i form av t.d. blodoverføring. Institusjonen har formidla sine arbeidsmetodar og rutinar til større byer og andre kommunar for å synleggjere at det er mogleg å yte avansert sjukepleie i små kommunar. Det er eit stort fokus på at vi skal sikre fagleg gode og trygge tenester for våre innbyggjarar. Ved å sørgje for at vi kan utøve avansert sjukepleiefaglege rutinar sørgjer vi for at Skjåk kommune arbeider for å ha ein større del av behandling og helsetenester i kommunen. Kommunedirektøren ønskjer at befolkninga skal oppleve å få mest mogleg av det dei treng i sin eigen kommune innan helsetenester.

### Heimesjukepleia

Det har vore stort press på heimesjukepleia i delar av året med krevjande behandling av svært sjuke heimebuande, noko som har medført ekstra kostnader knytt til overtid og bruk av ekstrahjelp. Det har blitt tilsett fleire sjukepleiarar, og det er klart at det er eit stort behov for å ha fokus på utvikling av heimesjukepleia vidare. Dette gjeld innan






Foto: Skjåk kommune

kvardagsrehabilitering, demensomsorga, psykisk helseteneste, palliativ- og kreftsjukepleie og dagaktivitetar for heimebuande. I kommunestyrets vedtak om helse- og omsorgsplan er det synt til at ei av dei viktigaste grunnverdiane er at heimen er primær bistandsarena. Det gjer at heimesjukepleia må tenkje kreativt, og må ha eit fokus på kva oppgåver som skal løysast av helsetenestene i heimen, og kva som kan løysast i samarbeid med andre tenester i heimen.

#### Heimetenesta for funksjonshemma

Tenesta har ansvar for Bismotunet bufellesskap, personleg assistanse for heimebuande og andre heimetenester som t.d. brukarstyrt personleg assistanse (BPA), støttekontaktar og omsorgsstonad. Tverrfagleg samarbeid og utviklingsarbeid er viktig i arbeidet med barn, unge og vaksne med funksjonsnedsetjingar.

Vi ser at bruken av heimetenester blant dei over 80 år er aukande, mens brukarar frå 0–66 år brukar færre tenester. Dette syner arbeidet som gjerast med å dreie tenestene slik at eldre brukarar blir ein større del av mottakarar av heimebasert omsorg. Det synleggjer at vi har eit omfattande behov for tenester hjå våre mindreårige bebuarar. Mykje av bistanden vi yter i personleg assistanse og avlasting er svært ressurskrevjande, og det er behov for høg grad av personaltettleik for å sikre fagleg forsvarlege og trygge tenester til denne brukargruppa.

Utfordringar knytt til ressurskrevjande

tenester har vore store i 2022 grunna at vi har fleire brukarar med omfattande vedtak. Dette får vi noko refusjon for, men med ein eigenandel pr. brukar på 1 526 000 kroner er det likevel mykje utgifter som skal dekkast når det er fleire brukarar. Auka behov for assistentar i skuletida har bidrege til meirforbruket innan avlastingstenester.

#### Bismotunet bufellesskap og avlastingsteneste

Bismotunet bufellesskap sto ferdig i starten av 2020. I prosessen med å flytte inn i nytt bygg vart det jobba med innovasjonsprosjektet Berekraftig bufellesskap og avlasting. Frå dette prosjektet kom det tre satsingsområde som har vore, og fortsett er viktige:

- godt arbeidsmiljø
- gode tilrettelagte arbeidsplassar for tenestemottakarane våre
- velferdsteknologi

Bismotunet bufellesskap er ein heildøgns bemanna omsorgs- og avlastingsbustad. I Bismotunet er det fokus på at brukargruppa skal ha gode liv med meningsfylte aktivitetar. Dette inneber å leggje til rette for sjølvråderett, meistring av eige liv og sjølvstende der det er mogleg. Ein viktig del av dette er også det å ha gode, tilrettelagte aktivitetar, både på dagtid og efta. På helg og fritid nyttar vi dei ulike tilboda som finst i Skjåk, i tillegg til dette nyttar vi naturen rundt oss i stor grad.

### Arbeid og aktivisering

Alle har rett på tilrettelagte arbeidsplassar. Bismotunet har jobba med dette sidan innovasjonsprosjektet i 2020. Vi har jobba for å finne eit lokale i 2022, og håpar dette vil vere på plass i 2023. Det vil framover bli eit større behov for tilrettelagte arbeidsplassar. Oppgåver vi har i dag er blant anna internpost, oppgåver for Fjuken, grønsaksskrelling for kjøkenet på Skjåkheimen, produksjon av småartiklar og andre oppgåver for kommunen. I tillegg til dette driftar vi kantina på Skjåk barne- og ungdomsskule tre dagar i veka.

### Støttekontakt

Folk i alle alder kan ha behov for hjelp til å ha eit sosialt liv og ei meningsfull fritid. Dette kan ei støttekontakt vere til hjelp med. Til dømes heimebesøk, følgje på kino, kafé, trening eller andre fritidsaktivitetar. I 2022 hadde vi i snitt 40 støttekontaktar i drift.

### Personleg assistent teneste og brukarstyrt personleg assistanse

Personar med behov for assistanse i daglege gjeremål og trening, kan ha rett til personleg assistent. Det er fleire også i Skjåk som ynskjer personleg assistanse, då tenestemottakar kan unngå mange/ redusere talet på hjelparar i heimen, men likevel får hjelp til å delta i aktivitetar og ha eit sjølvstendig liv med fokus på eigenmeistring. Dette er i tråd med nasjonale føringar og den nyleg vedtekne helse og omsorgsplanen for Skjåk

kommune som seier at:

*Alle i Skjåk skal kunne bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Ved brukarstyrt personleg assistent (BPA), er det brukar/ tenestemottakar eller den som representerer han/ho som er arbeidsleiar for assistenten. Tenesteomfanget varierer mykje i tråd med behov for hjelp og vedtekne timar.*

### Omsorgsstønad

Tenesta omsorgsstønad er og lagt til heimetenesta for funksjonshemma, som i budsjettsamanheng er ansvar 320. I enkelte høve kan ein person få vedtak om omsorgsstønad, som kompensasjon for sitt omsorgsarbeid i heimen. Den som treng omsorg, må ha eit dokumentert hjelpebehov grunna: sjukdom, alder, funksjonshemming eller andre årsaker. Det er ein føresetnad at søkjar utfører omsorgsarbeidet som elles ville høyre inn under helse og omsorgstenesta i kommunen. Omsorgsstønad er ei teneste kommunen er plikta til å ha. Berre foreldre har omsorgsplikta for mindreårige barn. Det vil berre vera aktuelt med omsorgsstønad dersom omsorga klart overstig vanleg omsorg for barn på same alder. Omsorgsstønad må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgjevar i kvardagen og omsorgsarbeidet. I høve til tidlegare år har det ikkje vore store endringar i høve til tenesteomfang for omsorgsstønad i Skjåk i 2022. Omsorgsstønaden er fastsett til fagarbeidarnivå samt relevant erfaring og ansiennitet.

### Helsetenester

Helsetenester består av legeteneste, fysioterapi, ergoterapi psykisk helse, helsestasjon og jordmortenester.

Legekontoret og helsestasjonen ser attende på travle år i pandemien. Det har vore stor arbeidsbelastning på alle tilsette under dette område. Det har vore

meioppgåver i forhold til smittesporing og vaksinerings. Vi er glade for at vi nå er i andre enden av pandemien. I løpet av pandemien har vi gjort oss en del erfaringar som kan vere nyttige til neste pandemi. Vi sett pris på innbyggjarane si forståing og tolmod i forbindelse med dette arbeidet.

	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	KOSTRA gr 5	Landet utan Oslo
Avtalte legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	18,8	18,6	19,6	15,7	12,4
Avtalte fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	11,5	11,6	11,6	12,2	9,6
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta pr. 10 000 innbyggjar 0-20 år	96,8	85,7	76,4	64,0	51,8
Andel nyfødde med heimebesøk av helsesjukepleiar (%)	93,3	70,0	100,0	100,6	85,6

### Antall sjukepleieårsverk og helsesekretærårsverk pr. 100 legeårsverk i allmennlegetenesta, samt legenes andel av årsverkene

	Skjåk 2022	Landet
Sjukepleieårsverk pr. 100 legeårsverk	37,5	39,0
Helsesekretærårsverk pr. 100 legeårsverk	62,5	40,0

## Utvalg helsearbeidarar i Skjåk kommune



Ingrid Eide Lindsheim - lege,  
Sondre Bøye - kommuneoverlege,  
Haakon Østerby - turnuslege,  
Eldri Haugen Foss - sjukepleier,  
Kristianne Jamhild Skamsar -  
Helsesekretær

I løpet av 2022 er det nå 4 legar i 80 % stilling på legekantoret. Det er ei stabil og god legedekning i Skjåk kommune. Dette gjer at det er mogleg å kombinere legeyrket med eit familieliv.

Skjåk kommune ligg om lag 25% høgare enn KOSTRA-gruppe 5 i forhold til dekning av legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar. Det har vore turnuskandidatar knytt til tenesta. Dette har vore verdifulle og dyktige medarbeidarar som har tilført kantoret kompetanse. Vi har tilsett 3,2 årsverk med hjelpepersonell i form av helsesekretær og sjukepleiarar. Vi har om lag like mange sjukepleiarårsverk som landet, og vi ligg over 50 % høgare på talet helsesekretærer enn landet forøvrig. I løpet av 2022 var budsjettet ved legekantoret i balanse.

### Fysioterapi og ergoterapi

Det er 2,5 kommunale fysioterapiheimlar. Kapasiteten på fysioterapeutar ligg litt over snittet for KOSTRA-gruppe 5. Dei tilsette har brei og god fagleg kompetanse som ein kan få utnytta betre gjennom utvida samarbeid. Fysio- og ergoterapitenesta er felles Lom og Skjåk, med Lom kommune som vertskommune. Dette er personar med stor fagkompetanse, og dei er mellom anna aktive inn i planlegging av framtidens helse- og omsorgstenester i Skjåk kommune. Vi ligg midt mellom KOSTRA-gruppe 5 og landet utanom Oslo på antal fysioterapeutar i kommunen.

### Helsestasjonstenesta

Tenester til gravide, barn/ungdom (0-25 år) og deira foreldre.

Svangerskapsomsorga og helsesjukepleiarar

Frå 1.1.2022 var det vedtak om felles jordmortenesta for Lom og Skjåk kommunar. Jordmor har kontordag både i Lom og Skjåk. Skjåk og Lom kommune er del av jordmorvakt ved Lokal medisinsk senter på Otta.

Helsestasjon samarbeider tett med barnehage, skule, PPT, barnevern og BUP samt andre aktørar som har betydning for barn og unge. Vi følgjer nasjonalfaglege retningslinjer frå Helsedirektoratet. Vi satsar på ein sterk helsestasjon som ein viktig del av folkehelse, oppvekst-reforma og kvinnehelse. Det er positivt at helsestasjonen har rekruttert inn verdifull kompetanse inn i eit godt helse-stasjonsmiljø, og at vi nå ser at vi har auke i heimebesøk til nyfødde.

Helsestasjon arbeider primært med førebygging og behandling av lette til moderate psykisk lidingar blant barn og unge. I dette inneber det at vi har eit breitt spekter av foreldrettleiingmetoder i helsestasjon. Vi veit at å hjelpe borna gjennom foreldra er den mest effektive metoden for å lykkas. Fleire arbeids oppgåver blir lagt til helsestasjon.

På slutten av 2022 vart det vedteke politisk at vi frå 1.1.23 skal inn i eit vertskommunesamarbeid med Lom, der Skjåk er vertskommune. Helsestasjon yter også tenester som reisevaksinering og smittevern.

### Re-etablering av ressursgruppe og arbeid med Samlokalisering av Lokale Tiltak mot rus og kriminalitet (SLT)

Tenesteleiar for helse koordinerer arbeidet med ein ressursgruppe der det mellom anna sit representantar frå oppvekst, politi, psykisk helse og NAV m.fl. Denne gruppa har tidlegare hatt møter ved behov, men nå er det etablert faste møtetidspunkt for nokre av medlemmane og to faste årlege møter for heile gruppa. Dette er ei gruppe som samordnar tiltak i oppvekstsektoren og samarbeider systematisk for å betre oppvekstvilkåra til barna.

SLT-arbeidet er lagt til helsestasjonen. Det er viktig å arbeide med forankring på systemnivå for å sikre at vi har ein trygg struktur som kan sikre våre innbyggjarar på best mogleg måte. Kommunedirektøren ønskjer å ha ein koordinator som kan arbeide aktivt med dette og ser verdien i å ha denne rolla plassert i helsestasjonen.

### Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste, inkludert rusomsorg, var tidlegare organisert under heimebaserte tenester. Samhandlings-reforma for rus og psykiatri stiller store krav til den enkelte kommune, og når døgninstitusjonar blir lagt ned, tyder det på ytterlegare press i tenestene.

I 2020 oppstod eit behov for kjøp av private tenester til ein brukar. Innslagspunktet for å få dekkast kostnader til ressurskrevjande brukarar blir høgare enn dagens nivå. Skjåk kommune har foreløpig ikkje riktig kompetanse eller kapasitet til å

organisere denne tenesta sjølv, og må difor kjøpe tenesta av ein privat aktør.

### Barnevern

Den interkommunale barneverntenesta i Sel, Vågå, Lom og Skjåk har vore i drift i 2,5 år. Det er verd å merke seg at det er fleire saker som tek meir tid med saksbehandling og tiltak.

Oppvekstreforma gjev den kommunale barneverntenesta andre oppgåver og ansvar. For å møte dei nye krava, vart barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste med Sel kommune som vertskommune. Det har vore stort fokus i 2022 på å arbeide med samhandling mellom tenestene og rett kompetanse.

Ein ser at behovet for tiltak i og utanfor heimen er høgare enn det har vore tidlegare, for å unngå fosterheimplasseringar.

### NAV Lom og Skjåk

Tenesteinnhaldet til NAV-kontoret i Lom og Skjåk er å levere kommunale tenester og arbeidsretta oppfølging til innbyggjarane våre. Rettleiarane på kontoret arbeidar med å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og å fremja overgangen til arbeid og aktivitet.

NAV samarbeider tett med flyktningstenesta om arbeidsformidling og integrering av flyktningane. Oppvekstreforma har fokus på at alle tenester rundt barn og unge skal bistå kvarandre. Dette skjer mellom anna i lokale arbeidsgrupper. NAV er ofte den etaten som møter

desse familiane med utfordringar, og er kanskje den fyrste som oppdagar dette. I Skjåk var det lite utfordringar med økonomisk sosialhjelp, og den økonomiske situasjonen i befolkninga i 2022. Mot slutten av 2022 var dette i endring, og tenesta ventar at det vil vere eit aukande behov for økonomisk sosialhjelp i 2023.

### Pandemien og helse og omsorg

Pandemien har vore ei krevjande og langvarig belastning for helse- og omsorgstenestene. I løpet av 2022 vart befolkninga vaksinert og vi opplevde at samfunnet gjekk meir attende til normalen. Det har vore svært godt samarbeid mellom tenestene knytt til pandemi og vaksineringsarbeid. Tenestene opplever å ha lært mykje av pandemi- og vaksineringsarbeidet.

### Sjukefråvær

Kommunalsjefområdet sitt samla sjukefråvær var på 10,2 % i 2022. I 2021 var sjukefråværet på 11,4 %, ein reduksjon på 1,2 %. Det er positivt at sjukefråværet går ned. Sjukefråværet skuldast for det meste langtidsfråvær.


#### Sjukefråvær i helse og omsorg

2018	2019	2020	2021	2022
7,9 %	6,8 %	12,5 %	11,4 %	10,2 %



Foto: NAV Lom og Skjåk

# 08 Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling



## Økonomi

Covid-19 prega året på mange vis i fyrste halvår av 2022. Økonomisk har nokon av tenesteområda eit overforbruk i 2022 i forhold til budsjettet. Samla for alle områda i Miljø- og samfunnsutvikling er det i underkant av 1 million kroner i overforbruk.

Ansvar 430 har overforbruk, der hovudårsaka er høgare straumpris enn forventa, og svakt netto resultat på sysselsettingsgruppa. I tillegg er det netto meirkostnader på Skjåkhallen, da prosjektoppstart vart utsett.

Ansvar 450 har eit lite overforbruk knytt til arbeidet med omdøme strategien.

## Sjukefråvær

Sjukefråværet innan Miljø- og samfunnsutvikling har i 2021 gått opp noko samanlikna medføregåande år. Totalt kom avdelinga ut med eit sjukefråvær på 10,2 % i 2022. Det er i hovudsak langtidsfråvær som er årsaka til den høge prosenten. Pandemien har i vesentleg grad påverka fråværet, då terskelen for å halde seg heime har vorte lågare.

## Sjukefråvær Miljø- og samfunnsutvikling

2018	2019	2020	2021	2022
5,3 %	4,8 %	7,4 %	4,2 %	10,2 %

## Økonomi

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik	Rekneskap 2011
MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING	8 508 959	9 111 000	-602 041	7 623 820
KULTUR	1 273 405	1 536 000	-262 595	1 342 356
TEKNISK VAR	4 864 158	4 551 000	313 158	4 087 065
TEKNISK DRIFT	25 685 640	24 377 000	1 308 640	24 931 812
LANDBRUK OG NÆRING	342 833	146 000	196 833	478 827
<b>TOTALT</b>	<b>40 674 996</b>	<b>39 721 000</b>	<b>953 996</b>	<b>38 463 880</b>

### Covid-19

Covid-19 har i vesentleg grad påverka arbeidet vårt.

Området Miljø- og samfunnsutvikling har i nokon grad nytta heimekontor i tråd med pålegg og anbefalingar. Covid-19 har ført til ein meir digital kvardag.

Kompetansebygging er viktig innanfor forvaltninga. Dette har og i vesentleg grad vorte hindra av covid-19.

Pandemien har ikkje ført til nedgang i antal byggesaker handsama av kommunen. Byggevareforhandlarane melder om travle tider fyrste halvår 2022, men at det vart mindre aktivitet siste halvår.

### Strategiarbeid

I november 2021 vart omdøme strategien vedteke. Oppfølginga av denne vart gjennomført det meste av 2022. Arbeidet er ikkje ferdig, og omdøme er noko vi er, gjer og signaliserer både på jobb og privat. Vi bygger omdømme i fellesskap.

I januar 2022 vart næringsstrategien vedteke med tiltaksplan. På grunn av kapasitetsutfordringar kom ikkje dette arbeidet skikkeleg i gang i 2022.

### Organisering

I samband med tilsetting av ny næringsssjef vart det gjort ei strukturjustering i Miljø og samfunnsutvikling. Det vart lagt opp til ein meir flat organisasjon der jordbruksjef og næringsssjef rapporterer direkte til kommunalsjef. Dette er naturleg då tenesta er organisert gjennom ei vertskommuneavtale, og begge kommunar skal ha same tilbod.

### Landbruk og næring

#### Næring

I 2022 vart det vedteke i kommunestyret ein næringsstrategi for Skjåk, med fokus på næringsarbeidet i Skjåk for perioden 2022-28. Tiltaksplanen i strategien beskriv kva grep ein skal sette inn for å nærme seg utfordringane.

Rekruttering vert ei stor utfordring dei komande åra. Demografimodellar viser betydeleg nedgang av innbyggjarar i arbeidsdyktig alder i 2030. Korleis vi nærmar oss denne utfordringa vert viktig framover. Bygging av rekrutteringsbustadar kom i gang hausten 2022.

Kontorfellesskapet i Smiu er eit anna viktig tiltak. Skjåk kommune er unik med sitt næringsfond og næringsfokus. Ei vurdering næringsfondet sin effekt starta opp i siste halvdel av 2022. Dette er eit spanande arbeid, som kan vise vegen vidare.

#### Næringsfondsaker

Skjåk kommune har eit stort næringsfond med årleg tilførsel av konsesjonsavgifter på vel 8,4 millionar kroner. Det har i alt vore løyvt midlar i 43 saker over næringsfondet. 7 av desse var etablerarstipend til nyetableringar. Vidare vart det fordelt om lag 1 million kroner i statlege kompensasjonsmidlar til 17 bedrifter i samband med pandemien.

#### Sommarjobbprosjektet

Sommarjobbprosjektet er eit prosjekt som kommunen har gjennomført sidan i 2003. Dette er eit prosjekt som skal motivere



bedrifter til å tilsette ungdom mellom 14 og 18 år i sommararbeid. Tiltaket er eit viktig ledd i å gjere ungdomar i Skjåk kjent med næringslivet i eiga kommune og gje dei ei innføring i korleis det er å vere i arbeidslivet.

I 2022 var det heile 15 bedrifter og 53 ungdomar som deltok i sommarjobbprosjektet.

#### Andre hendingar

Arrangementet Ståk i Skjåk vart igjen arrangert for fyrste gong sidan pandemien. Hausttakk 2022 vart gjennomført med god deltaking av både utstillarar og besøkande.

Kommunen bidreg med fyrstelineteneste til gründerar og bedrifter som skal utvide eller ruste opp driftsapparatet sitt. Dette gjeld tilleggsnæringar i landbruket, og for

andre som skal ruste opp og investere. Det er godt samarbeid mellom lokalbank, Innovasjon Norge og kommunen.


I store delar av 2022 har Skjåk vore utan næringsssjef, noko som naturlegvis har hatt betydning for ressursituasjonen i næringsarbeidet. Det blei innleigd ein ressurs siste tertial i 2022 for å bidra i saksbehandling.

Den nye næringsssjefen er på plass frå 2023, og har som viktigaste oppgåve å følgje opp næringsstrategien og lyfte næringsarbeidet i Skjåk generelt. Prioriterte satsingsområde vil vere rekruttering av tilsette, arbeid med bustadutfordringa, og å få på plass nye samarbeidsgrunnlag for berekraftig næringsutvikling og innovasjon framover.

### Landbruk

Frå 2018 har det vore felles landbrukskontor for Lom og Skjåk. I vertskommuneavtala er det 3,6 årsverk knytt til kontoret. Av dette er 0,5 årsverk felles skogbrukssjef for Lom og Skjåk. Det går årleg ca.120 millionar kroner i overføringar til landbruket gjennom kontoret.

#### Tal bruk 2017 –2022



#### Tal husdyr 2017 –2022

	2017	2020	2022
Mjølkekyr	941	970	1013
Ammekyr	223	332	403
Øvrige storfe	2309	2379	2492
Mjølkegeit	310	411	439
Søyer, 1 år og over	2368	2356	2057
Avlspurker minst 1 kull	773	699	693
Gris påsett til avlsdyr	4392	3070	2559

I Skjåk har det vore bra aktivitet innan renovering av driftsbygningar, dette gjeld både nybygg og ombygging av eksisterande fjøs. Det er fleire unge som satsar i landbruket. Det er 2 mjølkefjøs med robot som vart ferdige i 2022, og 3 er under oppføring. I tillegg er det også sett opp eit nytt seterfjøs. Det er sendt inn 9 søknadar om stønad til bygging/utbetring av fjøs til Innovasjon Norge. Vidare er det

eit godt samarbeid mellom Innovasjon Norge, lokalbanken og landbrukskontoret. Politikarane gav støtte til ein driftsbygning og eit vatningsanlegg frå kommunalt næringsfond. Elles vart det gjeve løyve og tilskott til dyrking av 30 dekar jord.

#### Tapsprosent sau



### Utmarksbeite

Det vart i 2022 sleppt 5 560 sauar, 570 geit, og 1 437 storfe, på utmarksbeite. Dette er ein stor nedgang frå tidlegare år, jamfør tabell på neste side.

I tap på utmarksbeite vart det 673 sauar og 1 storfe. Hovudtyngda av sauetapet skjedde i Breheimen, men det er store tap i enkelte område i Reinheimen også. Det var ingen registrerte jervynglingar innanfor eller i nærleiken av Skjåk sine grenser i 2022. Det vart felt 3 jervar under lisensjakta, og ein vart teke ut ved ekstraordinært uttak.

### Skog

Skjåk har i storparten av 2022 hatt felles skogbrukssjef med Lom, etter at samarbeidet med Vågå vart avslutta. Skjåk kommune er vertskommune for denne tenesta. Det er avverka 9 362 m<sup>3</sup> tømmer i 2022. Av dette er 8 446 m<sup>3</sup> avverka i Skjåk Almending. Vidare er det sett ut 101 062 planter og utført ungsogpleie på 764 dekar.

### Forvaltningskontroll for landbrukskontoret

I juni 2021 gjennomførte statsforvaltaren ein foretaks kontroll med landbrukskontoret. Den ferdige rapporten kom i februar 2022. Rapporten gav nokre merknadar og avvik. I hovudsak gjekk dette på struktur, rutinar og på manglande oppdatering av kompetanse. Nokre merknadar vart lukka ganske raskt.

Det å ha tilsyn som dette er positivt

då dette gjev ein gjennomgang av forvaltninga. Sidan ferdig rapport blei motteke vart det jobba med konkrete tiltak for å rette merknader og avvik. I dette arbeidet jobba landbrukskontoret systematisk, og når året var omme var merknadar og avvik lukka.

### Prosjekter i landbruket

#### *Laus ku og framtidstru*

Mobiliseringsprosjektet for mjølk- og storfekjøttproduksjon har vore gjennomført i perioden 2020-2022. Totalt 42 bruk har i denne perioden fått rådgjeving. Det er Tine, NLR og Kluge Agri som har stått for rådgjevinga. Økonomi, bygg og generasjonsskifte har vore hovudtema for rådgjeving. Resultatet av dette er at nokon allereie har gjennomført byggeprosjekt, og fleire har kome i gang med planleggingsprosessen. I perioden 2020-2022 er det gjeve tilskot frå Innovasjon Norge til investeringar i mjølk- og ammekuproduksjon i Lom og Skjåk på totalt knapt 17,7 millionar kroner. Ein tilskotssats på 20 % gjev ei totalinvestering på 88,4 millionar kroner. I tillegg kjem investeringar som har fått løyvingar over næringsfond.

Landbrukskontoret har leia styringsgruppa i dette prosjektet som har bestått av faglaga i landbruket, Tine, NLR, Kluge Agri og Statsforvaltaren i Innlandet. Sluttrapport for prosjektet blir publisert i 2023. Prosjektet er finansiert av Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren i Innlandet og Lom og Skjåk kommunar.



Foto: Augeblikk Studio, Edvard Kielland Melmen

### Bondens nettverk

Gjennom prosjektet «Tryggere bonde» har Norsk Landbruksrådgiving hatt som mål å etablere Bondens nettverk i alle kommunar i Innlandet. Bondens nettverk er ei systematisk arbeidsmetode for å forebygge psykisk uhelse i landbruket. I praksis er det ei liste over aktørar som kan kontaktast av bonden sjølv eller andre som er bekymra for bondens situasjon og helse. I 2022 etablerte vi Bondens nettverk i Lom og Skjåk med

Landbrukskontoret som koordinator for nettverket. Informasjon om dette ligg på heimesida til Skjåk kommune. Psykisk helse og Bondens nettverk var eitt av tema på landbruksmøtet i Marlo grendehus i april 2022. I tillegg har vi arrangert fleire sosiale tiltak for gardbrukarane gjennom året for å forebygge psykisk uhelse.





#### *Klimatiltak i landbruket*

Landbrukskontoret fekk i 2022 løyvd tilskot frå Klima- og miljøprogrammet til å gjennomføre klimatiltak for landbruksnæringa. I samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving arrangerte vi ein fagdag med demonstrasjon av presisjonsgjødsling, eit fagmøte om kalking, og ei markvandring i forsøksfelt. I tillegg arrangerte Energigården og kommunen ein fagkveld om bioenergi.

#### *Rekrutteringstiltak*

I februar 2022 vart det gjennomført eit avløysarkurs for ungdom. Kurset gjekk over to dagar og dei 10 deltakarane

fekk lære om dyrehelse og dyrevelferd, føring, mjølkning og HMS. Positive tilbakemeldingar frå deltakarane.

#### *Prosjektet Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmarka*

Prosjektet Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmarka er eit samarbeid mellom kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre, med prosjektleiar frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk. Prosjektet er bygd på den vedtekne tosidige målsettinga med 4 årlege ynglingar i region 3 samt full utnytting av utmarksressursane i heile fylket.

#### Effekt mål:

- Reduserer konfliktnivået mellom rovdyr og beitedyr
- Full utnytting av utmarksressursane for å ta ut den økonomiske verdien som ligg i beiting i utmark, fokus på dyrevelferd
- Oppretthalde det biologiske mangfaldet

#### Resultat mål

- Redusere tap av sau til jerv
- Ta ut den fastsette lisenskvota for jerv kvart år i lisensfellingsperioden

#### *Gjødseltilskot*

Skjåk kommune fatta vedtak om å yte tilskot til gardbrukarane for kjøp av kunstgjødsel i 2022, dette grunna ei høg prisauke på kunstgjødsla. Det vart løyvd inntil 1,7 millionar kroner til formålet. Det vart søkt og utbetalt tilskot på 944 320 kroner.

#### **Kultur**

Arbeidet er knytt til sakshandsaming for kultur innanfor det utvida kulturomgrepet. Sentrale arbeidsoppgåver er handsaming av søknadar om kultur- og prosjektmidlar, spelemidlar, kulturminnevern, diverse sekretærfunksjonar, og arbeid med ulike prosjekt og arrangement. Revidering av kulturminneplanen er òg eit viktig arbeid å fylje opp.

Skjåk kommune deltek i 6-K kultur, 6K idrett og 6K DKSS som er forum for samarbeid i Norddalen, der kultur, den kulturelle spaserstokken, idrett og spelemidlar er viktige tema.

Kultur er eit viktig bindeledd mot friviljuge lag og organisasjonar.

17. mai-feiringa vart gjennomført på tradisjonelt vis i 2022, med folketog i Bismo, traktor- og veteranbilparade og med aktivitetar i og rundt Skjåkhallen.

Hausttakk vart arrangert i Skjåkhallen, med rekordstor deltaking. Det var markering av at Skjåk har 99,9 %

fiberdekning og utdeling av Kongens fortene medalje til Helge Jostein Skjåk.

2022 var friviljugheita sitt år og Skjåk kommune arrangerte ein festkveld for alle i Skjåk, med gratis konsert med Sigrud Moldestad, Hazelius og Hedin. Skjåkprisen vart delt ut til Odd Ragnar Solheim. Det vart gjennomført Den kulturelle spaserstokken på Skjåkheimen. Det vart utdelt kulturmidlar til 25 ulike organisasjonar, i tillegg til fleire prosjekt og tiltak innan det utvida kulturomgrepet.

#### Omdømmearbeid

Skjåk kommune har sett omdømme på dagsorden. Auka fokus på omdømme vil kunne styrke omverda si oppfatning av kommunen.

For å lykkast med dette arbeidet er det identifisert nokre suksessfaktorar. Kommunen skal gå frå ein defensiv til ein offensiv arbeidsmetodikk for å betre omdømmet. Det har vore jobba med intern forankring på alle nivå i kommunen, også ekstern forankring.

Omdømmestrategien vart sendt til innbyggjarane med brev frå kommunedirektør og ordførar. Tenesteleiarane vart oppmoda om å plassere heftet synleg for tilsette. Heftet vart også sendt ut til lokalt næringsliv og hyttefolk.

#### Informasjon og kommunikasjon

Kommunikasjons- og informasjonsarbeid er grunnlaget for å nå ut til folk. Det viktigaste verktøyet og navet i

kommunikasjonsarbeidet er kommunen si nettside med daglege kunngjeringar. Framover krevst det eit kontinuerleg arbeid for vidareutvikling av nettsida med nye digitale og brukarvenlege funksjonar.

Dei siste året har det kome strengare krav med omsyn til universell utforming. Dette er tidkrevjande og skal innarbeidast ved ny innhaldsproduksjon inkludert eksisterande informasjon på heimesida. Sosiale media er andre kanalar som forsterkar verknaden av innhaldet på heimesida.

Offentleg informasjon skal vere tilgjengeleg for alle. Døme på dette kan vere tidsfristar, saker som gjeld beredskap eller kriser, prosessar, arrangement og liknande. Bodskapen skal tilpassast målgruppa ein vil nå og kva for plattform ein skal nytte.

Nettstaden [www.skjåk.no](http://www.skjåk.no) er laga for å marknadsføre og informere om tema som ikkje er kommunal informasjon, men relevant informasjon om Skjåk. Det vert jobba med å finne ei løysing på drift av sida. Ein ser det som naturleg at næringslivet tek hand om dette arbeidet.

#### Tekniske tenester

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleing, forvaltning og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift- og vedlikehaldsansvaret er delt mellom teknisk drift og teknisk VAR.

#### Bygg og eigedom

	2020	2021	2022
Netto driftsutgifter til forvaltning av eiendom per innbygger (kr)	717	835	829
Areal på formålsbygg per innbygger (m <sup>2</sup> )	9,58	9,01	9,03
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter (kr)	62	87	78
Herav utgifter til renhold (kr)	185	197	203
Herav energikostnader per kvadratmeter (kr)	117	181	171

#### Teknisk drift har ansvar for

- drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar og idrettsanlegg
- reinhaldstenest og vaktmeisterstenest på kommunale bygg
- drift av vaskeriet på Skjåkheimen
- sysselsettingsgruppa «Dei gode hjelparane» ut 2022

#### Teknisk VAR har ansvar for

- drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg
- drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg.
- Vintervedlikehald av vegar er sett bort til lokale entreprenørar.

Driftsoperatørane på vatn og avløp har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg. Det er totalt fem kommunale reinseanlegg, eitt infiltrasjonsanlegg og seks kommunale vassverk. Tilsette på vatn og avløp har vore engasjerte i utbygging av prosessutstyret i Bismo vassverk som var ferdig i desember. Kommunen har noko høgare kostnadar til avløpstenestene enn samanliknbare kommunar. Vidare har kommunen noko lågare kostnader på vassforsyning enn andre kommunar i KOSTRA gruppe 5.

I tenesta inngår også driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. Kommunale vegar fekk i 2022 vedteke sin hovudplan for



Foto: Skjåk kommune

kommunale vegar i Skjåk. Vintervedlikehald av vegar, inkludert snøbrøyting og strøing, er sett bort til lokale entreprenørar.

Dei store oppgåvene i 2022 for tekniske tenester, utanom ordinære driftsoppgåver, har vore arbeid knytt til rekrutteringsbustader, ferdigstilling av tilbygg og ombygging av Dønfoss barnehage, og ferdigstilling av Bismo Vassverk. Vidare har det vore ein prosess med å planlegge ombygging og renovering av Skjåkhallen og planlegging av flaumførebygging i Bismo.

Skjåk kommune har høgt energiforbruk på offentlege bygg samanlikna med andre kommunar. Det er difor sett inn ekstra innsats på å identifisere tiltak for å få ned forbruket. Bygga med høgast totalforbruk er kommunehuset, Skjåk Barne- og ungdomsskule, Skjåkhallen og Skjåkheimen. Det er her det største potensialet for innsparing ligg sjølv om andre mindre bygg og kan ha svært høgt forbruk pr. kvadratmeter. Dette gjeld til dømes barnehagane i Bismo og Holemork.

Ombygginga av Skjåkhallen har vore utsett fleire gonger dei siste åra, noko som har ført til at naudsynte reparasjonar og vedlikehald har vorte sett på vent. Det er i dag eit stort etterslep på vedlikehald av bygget. Det er utfordrande å halde svømmeanlegget reint.

### Natur og kraftforvaltning

#### Flaumrespons

Skjåk kommune har saman med dei fem andre kommunane i Nord-

Gudbrandsdalen utfordra marknaden til å utvikle eit nytt verktøy for flaumvarsling.

Hausten 2019 vart det gjennomført eit forprosjekt for å kartlegge behov og moglegheiter knytt til utvikling av teknologi for lokal flaumvarsling. På bakgrunn av resultatane i forprosjektet, innvilga Norges Forskningsråd åtte millionar kroner til utviklingsprosjektet med ei tidsramme på tre år.

Les meir om Flomrespons på nettsida: [www.flomrespons.no](http://www.flomrespons.no).

#### Flaumførebygging rundt Bismo

Skjåk kommune søkte NVE om bistand til flaumførebygging i 2019. Søknaden vart handsama av NVE og dei valde å starte opp eit moglegheitsstudie i juni 2020.

I dette arbeidet har ein laga ein hydraulisk modell der ulike flaumførebyggjande løysingar har vore vurdert. Utgangspunktet er ein flaumvoll som går rundt store delar av Bismo. Den blir om lag 2,5 km lang og vil vera 3 meter brei på toppen. På det høgaste vil flaumvollen vere 2-2,5 meter over eksisterande bakkenivå. NVE lyste ut anbod på arbeidet med utarbeiding av flaumsikring av Bismo i desember 2022.

#### Viltforvaltning

Dei siste åra har det vore stort fokus på å redusere bestandane av elg og hjort. Kvotane har vore høge og sist haust vart det felt 111 elg og 175 hjort, som er litt mindre enn året før. Dei siste to åra har det vore ei markant nedgang i påkøyrslar.

### Andre oppgåver

Det har vore mykje arbeid med vassdragsforvaltning, blant anna med bistand til privatpersonar med søknader til regionale og statlege mynde, planlegging av ulike tiltak og rådgjeving ved gjennomføring av flaumførebyggande tiltak.

Andre oppgåver det blir arbeidd med er motorferdsel i utmark, forureining, forsøpling, miljøfyrtårn, verneområdeforvaltning, biologisk mangfald og friluftsliv.

### Plan, byggesak og miljø

Skjåk og Lom kommunar har felles avdeling for plan, byggesak og miljø. Lom er vertskommune og har personalansvaret for dei fem tilsette. Skjåk kommune sel natur- og miljøtenester til Lom tilsvarande ei 30 % stilling.

I 2022 vart det handsama 71 byggesaker i Skjåk. Dette er ein nedgang frå tidlegare år. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for byggesaker i Skjåk var åtte dagar. Det har vore behandla ei sak om dispensasjon frå plan, og det har vore gjennomført to tilsyn i byggesaker.

Kommunen har gjennom året arbeidd med reguleringsplanar for Øyberget og for flaumsikring av Bismo, samt for gang- og sykkelveg ved Dønfoss. I september var det gjennomført oppstartsmøte med vegvesenet, som skal utarbeide planar for ny tunell på riksveg 15 mellom Skåre i Stryn og Bredalen, og massedeposering i tilknytning til dette. Det vart gjennomført

ny faresonekartlegging for Bismo. Dette er naudsynt som grunnlag for arbeidet med reguleringsplan for delar av sentrum.

Felles beredskapskoordinator vart flytta til Lom og Skjåk brannvesen.

### Byggeprosjekt

#### Skjåkhallen

Prosjektet dreiar seg om ei rehabilitering av eksisterande svømmebasseng, bygging av eit nytt øvingsbasseng og riving og bygging av ny mellomdel med garderobar og vestibyle.

Prosjektet blei hausten 2022 lagt ut på anbod i to omgangar der den eina var ei samspelsentreprise for det bassengtekniske og den andre var ei totalentreprise for resterande. Det vert arbeida med ei framdrift som tilsei oppstart byggjearbeid fyrste halvår 2023.

#### Rekrutteringsbustadane

Bygging vart igangsett hausten 2022, og er kontrahert med ei ferdigstilling juni 2023.

#### Flaumvoll rundt Bismo

Anbod for prosjektet ble sendt ut i desember 2022 etter ein prosess med reguleringsplan for området og eit betydeleg prosjekteringsarbeid. Ferdigstilling av prosjektet er planlagt til medio 2024.

#### Andre etasje på kommunehuset

Prosjektet handlar om GDPR, lyd gjennomgang veggjar, luftmengder, akustikk, universell utforming, lys og

solavskjerming. Det er òg utfordringar med radon i bygget. Prosjektet hadde eit meirforbruk i forhold til budsjett og økonomiplan. På grunn av få tilbod vart prosjektet gjort om frå fastpris til timebasert kontrakt. Ein klarte ikkje å ferdigstille ombygginga.

### Planarbeid

#### Øyberget næringsområde

Reguleringsarbeidet starta opp gjennom vedtaket i kommuneplanens arealdel juni 2021. Det er 50 dekar på den gamle steintippen frå kraftutbygginga. Prosessen har gått det meste av 2022 og forventast å komme til politisk sluttvedtak vinteren 2023.

#### Klima og miljøplan

Arbeidet med planen vart starta hausten 2022, og skal handsamast politisk medio 2023.

#### Vegplan

Oppstart av arbeidet med vegplanen vart politisk vedteke i 2022. Det vert arbeidd med ei framdrift for at planen vert politisk handsama hausten 2023.

### Kvalitetssystem

I 2022 vart det etablert ein stillingsressurs på 70 % som arbeidde særskilt med internkontroll.

Sentrale oppgåver har vore administrativt delegasjonsreglement og kvalitetssystemet Compilo. I tillegg vart det også arbeidd med beredskap og planar.



### Borgarmelding

I siste halvår av 2022 vart det teke i bruk eit system som heiter Borgarmelding. Dette er eit system der innbyggerane via ein applikasjon kan melde inn saker som gjeld blant anna, veg, vatn, avløp og forureining. Vi ser at dialogen med innbyggerane er betra gjennom dette tiltaket. Vi får framleis nokre telefonar og vil handtere desse framover, men legg opp til at innbyggerane brukar applikasjonen. Etter kvart vil ein også ha tilgang til relevant statistikk frå systemet.

# 09 Kommunedirektør, stab og politikk


## Økonomi

Samla netto meirforbruk er på om lag 70 000 kroner på område kommune- direktør og stab. På kommunedirektøren sitt område er meirutgiftene i hovudsak knytt til gjennomgang av KOSTRA i regi av KS, juridisk bistand og meirutgifter

på område for politikk. Vidare er det meirutgifter på tenestene på grunn av høg reguleringspremie pensjon. Det er eit mindre forbruk blant anna på økonomi og revisjon.

		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik	Rekneskap 2021
100	Kommunedirektør	8 163 893	7 912 000	251 893	7 683 041
103	Personal og organisasjonsutvikling	2 775 141	2 613 000	162 141	2 092 281
104	Økonomi	3 289 460	3 634 000	-344 540	3 300 050
<b>Kommunedirektør og stab</b>		<b>14 228 494</b>	<b>14 159 000</b>	<b>69 494</b>	<b>13 075 372</b>

## Politisk organisering



## Tal på møter og behandla saker i dei politiske utvala i 2022

Utval	Tal på møter	Behandla saker
Kommunestyre	11	69
Formannskapet	17	102
Hovedutval for miljø- og samfunnsutvikling	10	79
Hovedutval for helse, oppvekst, omsorg og kultur	9	20
Eldrerådet	4	0
Brukerrådet	4	0
Ungdomsrådet	7	18
Administrasjonsutval	0	0
Arbeidsmiljøutval	0	0

## Deltaking - politiske seminar og utval

Type seminar	Dato	Deltakarar
Dialogkonferanse	9.-10.6	<b>kommunestyre</b>
Regionrådet i Nord-Gudbrandsdal	18.02, 17.06, 16.09, 16.12	Ordfører, varaordfører og opposisjonsleiar
Gudbrandsdalstinget	24.-25.3, 9.-10.11	Ordfører og opposisjonsleiar
KS regionsamling		Haust og vår
RV 15 vegforum	28.1,11.2,20.4,2.5,3.6,22.6,1.9, 24.10,22.11	
Sl i møte med ordførarane i Nord-Gudbrandsdalen	05.05.2022	Ordfører
Brannstyre	29.03,01.11	Ordfører
Kommunale beredskapsmøter		
Møter og samling med LVK (Landssamanslutning for vasskraftkommunar)		

# Oversikt over interkommunale samarbeid og andre samarbeidsavtaler



Interkommunale samarbeid	Organisert	Lokasjon	Merknad
6 K Helse-6 K Skole-6 K Næring-6 K Personal/Økonomi	Samarbeid		Rådmannssamarbeid
Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdal	Vertskommuneavtale	Vågå	
Barnevern	Vertskommuneavtale	Sel	Skjåk, Lom, Vågå og Sel
Bibliotek fagleiar	Kjøp av tenester frå Lom	Lom og Skjåk	Utprøving
Felles legevaktvarsling	Vertskommuneavtale	Sel	Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk
Fjellnettverket	Foreining		Norsk Fjellsenter
Geodatasamarbeid - NGGIS	Vertskommuneavtale	Sel	
Gudbrandsdal krisesenter IKS	IKS	Lillehammer	
Gudbrandsdalsmusea AS	AS		Inkl. private og midtdalen
IKA Opplandene	§27		Arkivfagleg samarbeid
Innkjøpskontor	Vertskommuneavtale	Vågå	
Innlandet revisjon	IKS	Lillehammer	
Intermediær korttidsavdeling (NGLMS)	Vertskommuneavtale	Sel	Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk
IT tenester for Lom og Skjåk	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Jordmor vaksamarbeid	Samarbeid	Sel	
Karrieresenter	Samarbeid		Driftstilskot
Kart og oppmåling	Kjøp av tenester	Vågå	
Kommunal psykolog	Vertskommuneavtale	Lom	Vågå, Lom og Skjåk
Koordinator i samfunnsmedisin	Vertskommuneavtale	Sel	Ikkje tilsett
Kulturskule	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Landbruk	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Lokalmedisinsk senter NGLMS	Vertskommuneavtale	Sel	

Interkommunale samarbeid	Organisert	Lokasjon	Merknad
Lom og Skjåk Brannvesen	Vertskommuneavtale	Skjåk	
Nasjonalparkriket Reiseliv AS	Samarbeidsavtaler		
NAV - Gjeldsrådgivning	Vertskommuneavtale	Sel	
NGR - Interkommunalt renovasjonsselskap	IKS		
NG-Regionråd / Regionkontoret	§ 27	Sel	Eige rettssubjekt
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)	Vertskommuneavtale	Sel	
Personvernombod	Vertskommuneavtale	Lesja	Lesja, Dovre, Vågå, Lom og Skjåk
Plan, byggesak, naturforvaltning	Vertskommuneavtale	Lom	
Psykisk helsevern	Vertskommuneavtale	Lom	Lom og Skjåk
Regional legevakt	Vertskommuneavtale	Sel	
Regiondata	§ 27	Sel	Eige styre, ikkje rettssubjekt
Rådmannsutvalet (RU)	Samarbeid		Rådmannssamarbeid
Sekretariat for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdalen	§ 27	Lom	Eige styre, ikkje rettssubjekt
Skatteoppkrevjar, arbeidsgjevarkontroll	Vertskommuneavtale	Vågå	
Skogbruksjefstilling	Vertskommuneavtale	Vågå	
Skåppå AS	A/S	Vågå	
Sysselsettingsgruppe	Vertskommuneavtale	Skjåk	Lom og Skjåk
Tildelingskontor	Vertskommuneavtale	Skjåk	Lom og Skjåk
Tilsyn i byggesaker	Vertskommuneavtale	Vågå	
Vaksenopplæring grunnskuleopplæring	Samarbeid	Lom	Fram til juni

# GLIMT FRÅ 2022

## AUGUST

### FAGDAGAR

Lom og Skjåk brannvesen gjennomført fagdagar i overflateredning i Ottaelva og fjellredning i Aura. Til saman deltok om lag 30 personar frå ulike brann- og redningsvesen i Norge.



Foto:XXXX

### KONGENS FORTENESTEMEDALJE

Assisterande statsforvaltar Sigurd Tremoen overrekte Kongens Fortenestemedalje til Helge Jostein Skjåk under årets Hausttakk. Ordførarane frå nabokommunane var til stades for å markere den store hendinga.

## OKTOBER



Foto: Skjåk kommune, Elling Starrem

Frå venstre: Eldri Siem, Bjarne Eiolf Holø, Helge Jostein Skjåk, Harald Sve Bjørndal, Edel Kveen og Sigurd Tremoen.

## NOVEMBER



Foto: Skjåk Historielag

### SKJÅKHEIMEN 100 ÅR

– Det vart markert med open dag på Skjåkheimen, festmiddag og festkveld i Marlo grendehus.

### HANDPLUKKA

Brannsjefen i Lom og Skjåk brannvesen handplukka til nasjonal arbeidsgruppe for brann- og redningsområdet.



Foto: Skjåk kommune, Elling Starrem

## SEPTEMBER



Foto: Skjåk folkebibliotek

### FOLKEMØTE RV. 15

Folkemøte rv 15. Kantina ved Skjåk barne- og ungdomsskule.



Foto: Skjåk kommune, Edel Kveen

### VELKOMNE TIL VALDEBATT PÅ SKJÅK FOLKEBIBLIOTEK

Magnus Takvam gjesta biblioteket under årets Diktardagar. På biletet ser du Bertha Helene Sveen sikre seg eit signert eksemplar av boka han har skrive om mor si.

## DESEMBER

### SKJÅK-KVELD

Skjåk kommune gratulerer Odd Ragnar Solheim - Skjåkprisvinnar 2022



Foto: Skjåk kommune, Elling Starrem

## DESEMBER



Foto: Skjåk kommune, Elling Starrem

### JULEKONSERT

I samanheng med Frivilligheita sitt år i 2022 ønskte kommunen å leggje til rette for ein triveleg festkveld med julekonsert med Sigrd Moldestad & Hazelius Hedin, for alle friviljuge skjåkverar i Marlo grendehus.







Skjåk kommune